


Årsmelding 2017

Hordaland Sau og Geit



BRA UTSTYR ER HALVE JOBBEN!

MF 5700 GLOBAL

NYHET!
NYUTVIKLET TRAKTOR,
ENDELIG KLAR FOR SALG!



MASSEY FERGUSON

FENDT 313 VARIO S4

SUVERENT VEKT/
EFFEKTFORHOLD

FENDT



EIK SERVICE OG GARANTIAVTALE



**Eiksenteret
Bergen**

Liavegen 25, 5132 Nyborg
Tlf. 55 25 12 00

**Eiksenteret
Voss**

Regimentsvegen 14, 5705 Voss
Tlf. 56 52 91 30

EIK
SENTERET
eiksenteret.no

Årsmelding 2017

Hordaland Sau og Geit

Program til årsmøtet i 2017.....	5
Sakliste	6
Valnemda si innstilling til årsmøtet i 2018	7
Arbeidet i fylkeslaget	8
Styret i HSG.....	11
Årsmøtet 2017.....	14
Leiararmøtet 2017	21
Avlsutvalet for sau, årsmelding 2017	26
Gjetarhundnemda, årsmelding 2017.....	36
Beiteutvalet, årsrapport 2017	39
Årsrekneskap HSG 2017.....	42
Geitedagane 2017	46
Leiarar i HSG	48
Julebord på Geilo.....	49
Indre Hardanger Sau og Geit, årsmelding 2017	52
Lokallag med medlemstal	63
Nortura - Sauer og lam i 2017	64
Tapstal rganisert beitebruk i Hordland 2017.....	67
Informasjon rovvilt	68
Sluttrapport for Ny Giv	72

Forside: Sanking i Vedal/Fivlingen beitelag. Foto Kåre Hole.

SIKKER sank med god radio DEKNING

nå med
GPS

SIKRINGSRADIOEN er mye brukt til sank og tilsyn. Et samband med god rekkevidde og nødfunksjon tilknyttet 110 sentralen

dersom uhellet skulle være ute. Kontakt oss gjerne for mer info!



Sikringsradioen AS

post@sradioen.no

www.sradioen.no

Program for årsmøtet i HSG 2018



Laurdag 24. februar

- Kl. 09.30 Registrering, m/kaffi og rundstykke
- Kl. 09.30 Registrering
- Kl. 10.00 Årsmøtet startar
- Kl. 10.05 Velkomen til Stord v/Tore Atle Sørheim
- Kl. 10.15 Årsmøtet held fram med årsmøtesaker
- Kl. 11.30 Pause m/kaffi
- Kl. 11.40 Årsmøtet held fram med årsmøtesaker
- Kl. 12.30 **Lunsj**
- Kl. 13.30 Årsmøtet held fram med årsmøtesaker
- Kl. 14.45 **Pause m/kaffi**
- Kl. 15.00 Årsmøtet held fram med årsmøtesaker

Årsmøtet slutt ca. klokka 16.00.

Kl. 19.30 **Årsmøtefest med markering av HSG er 70 år**

Festtale ved John Olav Husabø
Underholdning og m.a. utdeling av prisar for beste avkomsgranska verar i Hordaland og Fylkesmeister i bruk av gjetarhund i 2017.
Kveldes konferansier er John Karsten Raunholm.



Ove Holmås med veielistene i Beinheller beitelag. Foto: Karluf Håkull.

Sakliste årsmøtet i HSG 2018

Sakliste:

1. Opning av møtet
2. Namneopprop
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Val av 2 personar til å skriva under møteboka
5. Årsmelding
6. Rekneskap
7. Val av leiar
 - På val: Reidar Kallestad
8. Val av styremedlemmer
 - På val: Arnt Bakke og Kjetil Rødland
9. Val av nestleiar
10. Val av varamedlemmer til styret
11. Val av møteleiar til årsmøtet 2019 med vara
12. Godtgjersle til leiar og styremedlemmer
13. Val av valnemnd til årsmøtet 2019
14. Val av utsendingar med vara til Landsmøte NSG 2018
(5 utsendingar med 5 varautsendingar i nummerrekkefølge)
15. Innkomne saker
16. Arbeidsplan for 2018
17. Budsjett Avlsutvalet 2018
18. Budsjett Gjetarhundutvalet 2018
19. Budsjett for 2018

Valnemnda si innstilling

Forslag frå valnemnda til årsmøtet 2018:

Namn	Funksjon	På val	Region	Forslag	Region
Reidar Kallestad	Leiar	Ja	4	Reidar Kallestad	4
Kjetil Rødland	Nestleiar	Ja	7	Kjetil Rødland	7
Arnt Bakke	Styre	Ja	5	Arnt Bakke	5
Tor Arne Sandvik	Styre	Nei	1	Tor Arne Sandvik	1
Oddmund Hildal	Styre	Nei	6	Oddmund Hildal	6
Ola Steinsland	1. vara	Ja	2	Ola Steinsland	2
Kato Hilleren	2. vara	Ja	3	Kato Hilleren	3
Helene Hellestveit	3. vara	Ja	5	Helene Hellestveit	5

Valnemnd:

Region	Namn	Vara	Forslag til nye
1	?	?	På val
2	Martin G. Haugland	Ivar Turøy	På val
3	Trond Nilsen	Jan Tore Veland	Ikkje på val
4	Gunnstein Sætre	Kåre Hole	På val
5	Sigve Førland	Lars Norheim	Ikkje på val
6	Kyrre Manger	Inga W. Rørlien	Ikkje på val
7	Kari Brørvik	Ivar Haug	Ikkje på val

Val av møteleiar til Årsmøte 2019:

Forslag: Jon Karsten Raunholm

Vara: Ove Holmaas

Godtgjersle til medlemmer i styre og nemder:

Fast godtgjering:

Styreleiar: kr 24 000,-

Nestleiar: kr 12 000,-

Laiar: Gjetarhundnemnda: kr 12 000,-

Leiar: Avlsutvalet: kr 12 000,-

Møtegodtgjering etter NSG sine satsar for alle styremedlemmer og utvalsmedlemmer: kr.1 600,- for møte over 6 timar og kr 800,- for under 6 timar og telefonmøte.

Hosteland 04.02.2018

Odd Henning Midtbø

leiar i valnemnda

Arbeidet i fylkeslaget

Heimesida

Heimesida har fått ny redaktør etter at Nils Inge Hitland gikk ut av styret. Oddmund Hildal har vært på kurs hos NSG og fått god opplæring og utfører denne oppgåva svært bra. Er det lokallag som treng hjelp til sin heimeside er det berre og ta kontakt med Oddmund.

Heimesida skal vera ein viktig kommunikasjonskanal mellom fylkeslaget, lokallaga og medlemmene. <http://www.nsg.no/hordaland/>

På heimesida kjem nyheiter, fagstoff, møtereferat, kurs og møteinnkallingar og anna stoff frå arbeidet i fylkes- og lokallaga.



Oddmund Hildal ilag med Sara Moe og Halvard Aga.

Facebook

HSG har eiga Facebooksida. <https://www.facebook.com/hordalandsauoggeit>

Takk til Fatland og Nortura for utsending av tekstmeldingar med påminning om aktivitetane våre.

MIK Stepper – gulvet som gir resultater



Fjøssystemers plastrister for sau, MIK Stepper, er det originale plastgulvet med knotter. Det er lett å legge og holde rent – gevinsten er bedre dyrevelferd.



Fjøssystemers plastrister for sau – MIK Stepper

- Holdbart • Lett å legge • Skånsomt mot spener og jur • Varmt og godt liggeunderlag
- Renslig – god gjødselgjennomgang • Sklisikkert med spesialknøtter • Kan legges på lange spenn



www.fjossystemer.no



Fjøssystemer støtter kombinertlandslaget

FJØSSYSTEMER

Bonden og dyrenes førstevalg

Øst
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
ost@fjossystemer.no


Sør
3178 Våle
Tlf. 33 30 69 61
sor@fjossystemer.no

Vest
4365 Nærbø
Tlf. 51 43 39 60
vest@fjossystemer.no

Nordvest
6770 Nordfjordeid
Tlf. 57 86 25 05
nordvest@fjossystemer.no

Midt
7473 Trondheim
Tlf. 72 89 41 00
midt@fjossystemer.no

Bygg
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
bygg@fjossystemer.no



OS

ID

Vi merker **levende** verdier

Godt samarbeid i mer enn 80 år

OS ID® har vært norske bønders samarbeidspartner siden 1936. I tre generasjoner har vi utviklet øremerker som bidrar til trygg og effektiv husdyrmerking.

Det er vi stolte av. For det handler tross alt om verdens viktigste vare – maten vi spiser.

OS ID®
2550 Os i Østerdalen

Tlf. 62 49 77 00
post@osid.no

www.osid.no
www.osidbloggen.no



**TOTALLEVERANDØREN
DU KAN STOLE PÅ**



Et solid samvirke gir bonden nødvendig trygghet og sikrer gode leveranser av både råvarer, produkter og tjenester. I fellesskap utvikles selskapet til bondens beste både på kort og lang sikt.

Sunt bondevett gir best resultat!

Tlf.: 72 50 50 50 • www.felleskjopet.no



Felleskjøpet

Styret i HSG

Styret 2017:

Namn	Telefon	E-post
Leiar Reidar Kallestad	415 60 048	reidar.kallestad@online.no
Nestleiar Kjetil Rødland	911 79 771	kjetil.rodland@tverberg.com
Arnt Bakke	995 13 723	arntbakke@yahoo.no
Oddmund Hildal	980 62 093	oddmundhildal@hotmail.com
Tor Arne Sandvik	906 63 721	torarne.sandvik@gmail.com
1.vara Ola Steinsland	918 76 370	olaste3@hfk.no
Sekretær Karulf Håkull	971 65 537	karull.hakull@nortura.no



Frå venstre: Ola Steinsland, Kjetil Rødland, Reidar Kallestad, Arnt Bakke, Karulf Håkull og Oddmund Hildal. Tor Arne Sandvik var ikkje til stede når bilde blei tatt.

1. vara Ola Steinsland har vorte innkalla til styremøta. Blir kalla inn til alle styremøte. Sekretær frå Nortura: Karluf Håkull
Rekneskapen er ført av Voss Rekneskapslag.

Det har vore 6 styremøte og handsama 82 saker i 2017. Til styremøta har òg leiar i gjetarhundnemda, Audun Seilen/Ivar Haug og leiar i avlsutvalet, Tore Atle Sørheim og Beiteutvalet er kalla inn.

Ein del av sakene som er vorte handsama er:

- Saueprosjektet Ny Giv
- Jordbruksforhandlingane
- Grillaksjonar
- "Reimegolv"
- Landbrukskonferansen i Hordaland
- Geitedagane 2017
- Møter "Beiting i rovdyrområder"
- Landsmøte i NSG
- Representantskapsmøte i NSG
- Høyringsrunde på lagslovene
- Gjetarhund
- Avlsutval
- Beiteutvalet
- Årsmøte
- Rekneskap
- Budsjett
- Handlingsplan
- Apotekavtale
- Leiarsamling
- Fagtur m/julebord

Referata for møta ligg på heimesida.

Styret har delteke på mange ulike møter som representantskapsmøter, landsmøtet i NSG, årsmøte i lokallag og fylkesårsmøte til Bondelaget og Bonde og småbrukarlaget, i avlsutvalet, beiteutvalet, og møter i saueprosjektet Ny giv.

Saueprosjektet Ny Giv blei avslutta 2017

20. mai var det offisiell avslutning med samling i Rosendal. Uvist kor mange som var innom, men bortimot 500 personar. Her var det oppvisning av gjetarhund og drone. I tillegg til visning av 8 forskjellige sauerasar. Det var og utstillarar innan for næringa.

Ny Giv hadde leiga inn Brandstveit frå Vossestrand til grilling av heilt lam og "vokka" av lam. Dette vart svært god mottatt av dei frammøtte. Ny Giv har vore veldig motiverande og lærerike. Takk til Ingebjørg Kjærevik (ansvarleg for savedrifta på Baroniet) og Kvinnherad Sau og Geit for god hjelp under familiedagen.

Hordaland Sau og Geit og lokallaga deltok sterkt i landsomfattande grillaksjon for lammekjøtt

Heile 8 plasser i Hordaland var lokallaga ut! Dette skreiv leiar i Indre Hardanger:

// Grillsuksess i Odda og Kinsarvik

Sitat frå Johannes Sekse:

Laurdag stod medlemmer frå Indre Hardanger Sau og Geit og grilla på lammekjøtt utanfor Rema 1000 i Odda og Spar Kinsarvik.

Aksjonen skulle fokusera på kor velsmakande sauekjøtt er - også i andre former enn til fårrikål, pinnakjøtt og lammesteik. Ellers for å seia det slik - fokusera på alt frå sjølve lammekjøttproduksjonen til ferdige produkt i butikken. Folk møtte bra opp, og viste stor interesse for både kjøttet og kjøttvarene, og sauedrift generelt. Berre positive kommentarar frå publikum.

Marinert og møyrt lammekjøtt i fleire utgåver og lammepølse fall i smak. Mange fram-møtte vart overraska, og handla rett og slett med seg grillkjøtt. Vona er at folk flest skal få augene opp for kva fortreffelige råstoff sauekjøtt er. Og at det er bortimot heilt økologisk. Halve året går sauen ute og lever at mat som ingen andre kan nytta seg av. Det meste av foret i vintermånadane er også kortreist.



Den lokale arrangøren sit att med eit godt inntrykk. Aksjonen var eit landsomfattande samarbeid mellom Nortura, Norsk Sau og Geit og KLF – Kjøttbransjens Landsforbund, og eit ledd i arbeidet med å redusera lageret av frosne lammekjøtt, før ny slaktesesong startar i august.

Årsmøtet 2017

Referat årsmøtet i Hordaland Sau og Geit 2017

Tid: 24. – 25. februar 2017

Sted: Thon Hotel Sandven, Norheimsund

Årsmøteutsendingane møtte til kaffi og "litt mat" kl. 16.45 før den faglege delen tok til. Fylkesleiar i Hordaland Bondelag Frøydis Haugen var invitert til og hale foredrag om småfenæringa i Hordaland.

Frøydis Haugen takka for invitasjonen og sa at dette er mitt fyrste årsmøte i HSG! Ho kom rakst inn på forslaget til den ny Jordbruksmeldinga. Blir dette forslaget som er lagt fram bli vedtatt, vil me stå at med eit svekka landbruk spesielt her i Hordaland.

Ho var innom mange viktige saker som:

- Oppkjøp av mjølkekvote for geit
- Ordninga for ferie og fritid
- Beitetilskot på innmarksbeite
- Jordbruksforhandlingane

Det kom opp mange spørsmål og eit av dei sentrale var:

"Har du litt sau i tillegg til anna arbeid og du blir permitert får du ingenting frå Nav! Var OBS!

Frøydis var klar og tydeleg på svara ho gav i forhold til sitt innlegg. Ho avslutta med å ønska alle eit godt Årsmøte.

Dag 2:

Sak 1: Opning av møtet

Jon Karsten Raunholm: Ordstyrar i Årsmøte begynte med og korleis det er og driva med sau og geit... Flott natur ... omlegging... og utfordringar til det positiva og kanskje litt negativt og!

Deretter vert ordet gitt til leiar i Kvam Sau og Geit **Lars Norheim**. Norheim gjekk gjennom arbeidsplanen for lokallaget og korleis arbeidet i lokallaget blei gjennomført. Deretter tok han årsmøte med på bile kavalkade om sauedrifta på familiebruket deira.

Leiar Nils Inge Hitland: Takk til alle dykk som er kom til Årsmøte i HSG! Svært Bra! Takk til Lars og Kvam Sau og Geit for flott velkomst!
Ny Giv - Flott arbeid som er utført her! Takk til alle som har bidratt for at Ny Giv har blitt ein slik suksess.

Målet med aktive lokallag og fleire lam til slakt med betre kvalitet med 10% er målet nåd?
Ca. 5000 personar har deltatt på møter rundt om på møter, mange unge og nye personar har deltatt!

Med fokus på avl - beite og miljø gir resultat.

Opptre i samla flokk - gå saman er viktig!

Sak 2: Namneopprop

Vedtak: 22 lokallag møtte. Til sammen 48 stemmeberettiga til vanlege årsmøtesaker og 43 stemmeberettiga til årsmeldinga/rekneskap.

Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent.

Sak 4: Val av 2 personar til og skrive under møtebok

Vedtak: Randi Undertun og Bjarne Berge

Sak 5: Årsmelding

Gjennomgang av Årsmeldinga av Nils Inge Hitland. Han beklaga at avsnitt frå "rovilt" ikkje var komme med. God kontakt mellom HSG og FM sin Miljøvern-avdelinga er viktig i desse tider der rovdyra stadig kommer nærmare oss.

Tore Atle Sørheim gjekk gjennom årsmeldinga for Avlsutvalet. Han la stor vekt på det gode arbeidet dommarane utfører under kåringa. Det er behov for nye dommarar. Det kjem mange gode verer frå Hordaland. Viser at arbeidet som blir utført er av god kvalitet. Minner om avlsmøte 9. mars 2017.

Audun Seilen gjekk gjennom Årsmeldinga frå Gjetarhundnemnda.

Det arbeidas god i gjetarhundmiljøet i Hordaland!

Årsmeldinga for Organisert Beitebruk ved Ole Johan Eidsnes og Kari Elsa A des Bouvrie frå FM.

Fagtur, blei lagt fram av Kjetil Rødland og lokallaga ved Reidar Kallestad.

Informasjon rovilt gjekk Reidar gjennom.

Johs. Sekse gav ros til Reidar for det arbeidet han har gjort i rovdyrsaka!

Spørsmål/kommentarar:

- **Ivar Haug:** Kva kan ein søkje på til organisert beitebruk?
- **Bjarne Berge:** Kor finner me info om dette?
- **Mons Kjetil Vevle:** Mistar medlemmer, etterlyser betre kommunikasjon mellom NSG og lokallage om når NSG sender ut purring til ikkje betalt kontingent.
- **Bjarne Berge:** Vervepremie til lokallag for nye medlemmer, når blir dette utbetalt?
- **Kåre Hole:** Lokallaga må få veite når NSG sender ut purring.

Vedtak: Einstemt godkjent.

Sak 6: Rekneskap

Nils Inge Hitland la fram rekneskapen for 2016 som viser eit overskot på kr 76 606,-

Vedtak: Godkjent.

Sak 7: Val av leiar for 1 år

- Reidar Kallestad 38 stemmer, 8 var blanke.

Sak 8: Val av styremedlemmer for 2 år

- Oddmund Hilda 45 stemmer 1 blank.
- Tor Arne Sandvik 45 stemmer 1 blank.

Sak 9: Val av nestleiar for 1 år

- Kjetil Rødland ved akklamasjon.

Sak 10: Val av varamedlemer til styret for 1 år

- 1 vara Ola Steinsland
- 2 vara Kato Hilleren
- 3 vara helene Hellestveit

Alle valt ved akklamasjon.

Sak 11: Val av møteleiar til årsmøte 2018

- Jon Karsten Raunholm valt ved akklamasjon.
- Audun Seilen valt til vara ordstyrar ved akklamasjon.

Sak 12: Godtgjersle til leiar og styremedlemmer

Leiar i valnemnda gjekk gjennom forslaga til godtgjersle for styreleiar og styremedlemmer.

Vedtak:

Godtgjersle til leiar, medlemmer i styre og nemnder:

Fast godtgjering:

- Styreleiar: kr 24 000,- pr. år.
- Nestleiar: kr 12 000,- pr. år.
- Leiar Gjetarhundnemnd: kr 12 000,- pr. år.
- Leiar Avlsutval: kr 12 000,- pr. år.

Møtegodtgjering etter NSG sine satsar for alle styremedlemmer og utvalsmedlemmer. Kr 1600,- for møte over 6 timar og kr 800,- for under 6 timar og telefonmøte.

Sak 13: Val av valnemnd for årsmøte 2018

Vedtak: Ved akklamasjon.

- Region 3 Lars Mæle med Trond Nilsen som vara.
- Region 5: Sigve Førland med Lars Norheim som vara.
- Region 6: Kyrre Manger med Inga W. Rørlien som vara.
- Region 7: Kari Brørvik med Ivar Haug som vara



Kva betyr samvirke for deg?

moderne
sosialt
etterbetaling
rådgjeving
verdikjedemakt
eigar
tryggleik
felleskap
langsiktig
merkevarer
demokrati
rettferdig



Voss | Rekneskap AS



Vi hjelper bonden til enda bedre resultater!

Kontakt oss for en hyggelig prat om våre svært konkurransedyktige priser og vilkår.

Fatland Jæren: 97 97 21 20

Fatland Ølen: 97 98 55 22

Fatland Oslo: 97 69 26 51

Besøk oss på fatland.no
og les mer om hva vi kan tilby.



Fatland

Valt på årsmøte 2016:

- Region 1: Kristian Nordgård med Arne Grindheim som vara.
- Region 2: John Karsten Ranuholm med Christoffer V. Vestvik som vara.
- Region 4: Odd Midtbø med John Tommy Midtgård som vara.

Leiar for valnemnda 2018 Odd Midtbø, John Karsten Raunholm vara.

Sak 14: Val av utsendingar med vara til Landsmøte NSG 2017

Vedtak: Alle valt ved akklamasjon.

- Reidar Kallestad
- Kjetil Rødland
- Arnt Bakke
- Tor Arne Sandvik
- Oddmund Hildal

Vara utsendinga i nr. rekkefølge:

- Ola Steinsland
- Kato Hillern
- Helene Hellestveit
- Ole Johan Eidsnes
- Tore Atle Sørheim

Sak 15: Innkomne saker

Det var komme inn to saker til Årsmøte i HSG.

Sak frå Etne Sau og Geit, "Reimegolv"

Denne saka blei handsama i styremøte 24. februar 2017 med innstilling til Årsmøte at saka blir sendt til NSG og Norges Bondelag for vidare arbeid.

Leif Aasheim la fram saka og fortalte om hendingane og det arbeidet som er gjort opp mot leverandørar og kontakten som er mellom HSG, NSG og Norges Bondelag.

Eit einstemt Årsmøte ber Styret om å sende saka til NSG og NB.

Sjå brev frå Etne Sau og Geit <http://www.nsg.no/hordaland/>

Sak frå region 4: Antall utsendingar til Årsmøte HSG

Region 4 har sendt inn sak på antall utsendingar til Årsmøte i HSG. Denne saka blei handsama i styremøte 24. februar 2017 med ei anbefaling til Årsmøte om å gå tilbake til 1 utsending pr. påbegynt 50 medlem.

Saka blei lagt fram for årsmøte av Odd Midtbø og etter ein kort debatt med mange innspel der Styret blir utfordra på og leggja Årsmøte og Leiarmøte rundt om i Fylke slik at kostnadane blir betre fordelt mellom lokallaga.

Vedtak: "Årsmøte i HSG skal vara representert av 1 utsending pr. 50 medlem frå lokallaga."

Sak 16: Arbeidsplan 2017

Kjetil la fram arbeidsplan for 2017.

Kom mange kommentarar på aktivitet som er viktig:

- Bjarne Berge: Oppskrifter på retter av lammekjøtt og grilling av lammekjøtt i lag med butikkar?
- Lars Norheim: Utmarksresursar.. må jobba meir med det
- Per Magne Eikenes: Dyrehelse-forskrifta, kompetanse, krav, høyring nå i mars?
- Kåre Hole: Blir apotekavtalen fornya?
- Ivar Turøy: Kurs nye bønder, får HSG til samling?

Arbeidsplanen for 2017 blir og finna på: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Vedtak: Godkjent.

Sak 17: Budsjett for 2017

Nils Inge Hitland la fram forslag for budsjett 2017.

Det var ein diskusjon i Årsmøte om Avlsutvalet og Gjetarhundnemnda burde ha eigne budsjett. Etter ein debatt blei det gjort dette vedtaket:

Vedtak: Frå arbeidsåret 2018 skal Avlsutvalet og Gjetarhundutvalet ha eigne budsjett. Budsjett for 2017 godkjent. Sjå: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Gjest:

Ole G. Hertenberg, redaktør i Sau og Geit hold innlegg med tema: "Kommunikasjon i organisasjonen Sau og Geit". Han var innom:

- Aktiv bruk av fjell og utmarksbeite.
- NSG vil gjerne samarbeida med Nortura og sjå på kva dei har fått til i lag med Turistforeninga.
- Ny landbruksmelding, stikkord her: Mjølkekvotar for geitemjøl, ferie og fritid.
- Markedet for lammekjøtt.

Innlegget i sin heilhet kan du sjå på: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Avslutning:

Nils Inge Hitland takka for den tida han hadde vert med i HSG! Har vert mange flotte personar og arbeid i lag med i HSG. Men tida er inne for at andre tek over.... Takk til lokallaga, enkeltpersonar og for godt samarbeid i Styret!

Reidar Kallestad: Takk for tilliten! Dette skal me få til i lag! " Alle arbeida i lag vil HSG funger godt! Viktig med god dialog med lokallaga og medlemmene!
Nils Inge avslutta Årsmøte med og takke Jon Karsten for god leiing av Årsmøte.
Og takk til alle utsendingane for eit godt engasjement under Årsmøte.

Karluf Håkull

John Karsten Raunholm

Randi Underthun

Bjarne Berge

Leiarmøtet 2017

Referat leiarmøte i Hordaland Sau og Geit

Tid: 27. -28. oktober 2017

Sted: Comfort Hotel Bergen Airport

Det var berre nokre få lokallag som ikkje møtte..

Dag 1: Fredag 27. okt.

Marknadssituasjonen for sau/lam

Innlegg frå Fatland Slakteri og Nortura om marknadssituasjonen på sau/lam. Fatland fortalte korleis dei arbeide med og utvikla ny produkt av sauen som skal prøvast ut mot forbrukar. Han var og opptatt av den låge vekta på lamma som kom til slakt i slutten av sesongen. Han meinte lamma var for små og tynne til og kunna laga pinnekjøtt av. Han meint dette var ei utfordring.

Frå Nortura møte Jon Lilleslett, medlem av konsernstyret i Nortura og sauebonde i Hol. Han gjekk gjennom grunnen til at utbetalingsprisen på sau er sett så lågt og kvifor salet på heilt saueslakt er så sterkt redusert. Nortura arbeider og med produktutvikling av sau/lam og ikkje minst marknadsføring av sau/lam.

Det var ein god gjennomgang av marknadssituasjonen frå begge slakteria.



HMV landbruksprodukt



Kontakt dykkar reiskapsleverandør!

 **HMR**
www.hmr.no

Øvre Langhaugen 38
5709 Voss
Telefon: 56 53 08 00
E-mail: landbruk@hmr.no

Dag 2: Laurdag 28. okt.

Leiar i HSG Reidar Kallestad starta dagen med og takka for godt engasjement under innlegg og debatten om situasjonen for sau/lam i sluttmarknaden. Han kom med forslag på Erna Tunsberg Erstad og Ivar Turøy til og skrive under møteboka.

Viktige oppgaver for NSG v/Kjell Erik Berntsen, Styreleiar NSG

Styreleiar NSG Kjell Eirik Berntsen var innom mange viktige saker for NSG som:

- Jordbruksforhandlingane 2018- ber innspel frå lokallaga via Fylkeslaget til 20. januar 2018.
- Ein må arbeide for å få produksjonen av sau/lam under kontroll. Om alle tar "litt" grep og reduserer, vil ein raskare kunna komma i balanse at.
- Mjølkegeita ok men må auke forholdstalet
- Har vert ein god sesong for sauene, men diverre dårleg pris på saueslaktet.
- Bra sal av lam.. auke på 11% i 2017 så langt.
- Sikra økonomien i sauehaldet er ei prioritert sak.
- NSG arbeider med og halde opp medlemstalet også viktig arbeid i lokallaga og fylkeslaga.
- Sikre beiterettar og beiting i utmarka
- Auke i bruken av gjetarhund.. Bra!
- På spørsmål kor mykje bør vara på lager av lammekjøtt ved nyttår for å ha nok Norsk lam tilgjengeleg til neste sesong? Svar: Ca 15 000 tonn.

Landsrådet for Saueavl v/Thor Blichfeldt

Evaluering etter kårings sesongen 2017 og vektlegging i indeksberekninga.

Gjennomgang av kåringa i Hordaland der talla for Hordaland blei samanlikna med talla for landet. Viser seg at det er ingen avvik på vraking i Hordaland samanlikna med resten av landet i 2017.

Den nye lupa ført til at det gjerne er litt fleire lam som er gått ut på grunn av ull i 2017 enn tidlegare år. Spørsmål om ein vektlegg ulla formykje i indeksberekninga.

Det er laga video om ulla og ein arbeider med kurs i bruk av lupa og ull vurdering. Det var ca. 10% av verene som hadde feil far. Regnar med at denne prosenten går ned etter kvart som ny teknologi blir tatt i bruk.

Nemndene sin time:

Valnemnda ved Odd Midtbø: Odd Midtbø peikar på Regionane sitt ansvar i forholdet til arbeidet i valnemnda. Valnemnda har eit mål om og ha innstillinga til årsmøte klart til 1. februar 2018. Skal sende ut info til lokallaga og minna dei på at det blir samling i regionane. For ettertida bør ein bruka meir tid på leiar-møte til arbeid i valnemnd som for eksempel att alle medlemmene i valnemnda blir kalla inn.

Gjetarhundnemnda ved Ivar Haug:

- Gjetarhundarbeidet gjer det godt internasjonalt.
- Kunnskapen er høg i Norge.
- NM på Fosen 2017... Hordaland 5. plass.
- Hordaland får stilla med 9. hundar til NM 2018.
- Skulle hatt fleire hundar i klasse1.. er dette som er brukshundar.

Avlsutvalet ved Tore Atle Sørheim:

Takk til alle som er med og bidreg til nok eit år med vellukka kåring rundt om i fylke! Også i 2017 var det god kvalitet på alle lam som møtte til kåring.

Sjå statistikk:

https://www.saueavl.nsg.no/karingsstatistikk_list.cfm?aktuelt_aar=2017&fylkesnr=12&listetype=rase&liste=Vis+statistikk

Beiteutvalet ved Ole Johan Eidsnes og Kari des Bouvrie frå FMHO:

Kari snakka om korleis investeringsmidlane er fordelt til radiobjøller, grinder og saltautomatar. Det er også trekt tilbake løyvde midlar som ikkje er blitt brukte i forhold til plan. Det blei også vist til "beiteseminar" i januar 2018. Program er under planlegging. Følg med på heimesida for påmelding.

Lokallaga sine timar:

Det var ikkje så lang tid for lokallaga berre nokre få lag fortalte om arbeid i sine lokallag.

Sveio:

- Transport av ikkje transportdyktige dyr.
- Lammaringane i Sveio har hatt slaktekurs.
- Kåring.
- Fagkveldar.

Kvinnherad:

- Kåring, har utlodning på eit kåra vêrlam.
- Ennå ein del arbeid står att med oppdatering av "Reimegolv".

Lindås og Meland:

- Kurs/besøk/møte ull hos Hellesvåg Ullvarefabrikk.
- Fagmøte med tema "Mastitt".
- Fagmøte med tema "Klauvstell".

Indre Hardanger:

- Er blitt eit godt miljø med gjetarhunden!
- Veterinærordning er ein utfordring.
- Kåringa i Odda er kommen for å bli. Er plass til fleire lokallag om dei vil komma til Odda.
- Skal ha kurs i klauvstell.

Avslutning


Medlemsoversikt/arbeid, dette er noko som Styret i HSG har fokus på sa Kjetil. Det er 69 medlemmer hittil i år som ikkje har betalt kontingenten. Kjetil opplyste korleis NSG krev inn kontingenten, men sa at lokallag må følgje med på "min side" og kontakta dei som ikkje har betalt. Denne nedgangen i medlemstalet i Hordaland fører til at Hordaland får ein mindre utsending til Landsmøte i NSG. Reidar skal ta kontakt med FM i Hordaland for å skaffa oversikt på kven som har sau i Hordaland.

I 2018 er HSG 70 år. Korleis skal ein markere dette? Det kom fram forskjellige synspunkt. Styret legger opp til ei markering i forbindelse med årsmøte 2018. Spørsmål om kurs for "nye bønder" i 2018 blei og diskutert og konkludert med at ein utset denne samling sidan det skal vera "Beitemøte" i januar 2018.


Leiar Reidar Kallestad oppsummerte leiarmøte til slutt og takka alle for god samling.



Karluf Håkull



Erna Tunsberg Erstad



Ivar Turøy

Avlsutvalet for sau, årsmelding 2017

Desse har vore medlemmar i avlsutvalet for sau:

Tore Atle Sørheim Leiar
Martin G.Haugland N.Leiar
Ove Holmås Medlem
Karluf Håkull Nortura
Hilde K.Haaland Fatland

Observatør med talerett utan stemmerett, Arnt Bakke, HSG.

Arbeidsoppgaver for avlsutvalet for sau:

- Ansvar og gjennomføring av kåringssjåa i Hordaland
- Oppgradering og kursing av kåringsdommarar
- Spreiing av avlsframgongen til bruksbesetningar.
- Bindeleddet mellom avlsrådet,regionsutvalet og væraringane i fylka.
- Arbeida for at saker frå avlsrådet/regionsutvalet vert gjennomførte.

Aktivitetar i meldingsåret

Dommarsamling

Tirsdag 29 August hadde me dommarsamling i Lindås,heime hos Randi Undertun og Ove Holmås , alle kåringsdommarane i Hordaland møtte til ei svært verdifull samling. Det var mykje nytt ifb med dømninga i 2016 og me prøvde oppsummera dei viktigaste endringane. Mange var både skeptiske og undrande til dei nye reglane, men me fekk gode tilbakemeldingar om at dette var til sauaeigarane/dyra sitt eige besta. Ove Holmås stod for den praktiske gjennomføringa som ein dommar har ved dømning av lam. Kjell Steinar Løland frå NSG gjekk gjennom teoridelen og repeterte dei nye reglane me fekk i fjor. Seinare fekk dommarane prøva dømninga i praksis og me fekk utveksla erfaringar og synspunkt på ei mest mulig lik dømning. Randi og Ove stillte med fleire ulike rasar og utsjånad. Henrik Steinsund frå ring 141 (sjeviot) stillte med nokre sjeviot lam som me fekk ein grundig innføring i korleis denne rasen skal sjå ut/dømmast.

Nytt i 2017 var at smårasane gjekk tilbake til «gamle» måten å dømme dyra på, men 5 karakterar, kropp,bein,ullkvalitet,ullmengd og rasepreg.Dette var etter eit sterkt ynskje frå dei ulike småraselaga.Og me fekk ny lupe til å bruka på ulla,for å sjå etter marg og dauhår ,og lupa den var god, ja nokre meint den var altfor god. Anne Kristin og Randi stod for opplegget med mat og gjorde ein kjempeflott jobb i forkant og under samlinga.Maten var alldeles nydeleg. Samlinga vart avslutta med ei oppsummering og samtlege deltakarar var svært nøgde med opplegg og gjennomføring. Eg vil på vegne av avlsutvalet i fylket takka Randi og Ove for deira velvilje til denne samlinga, alt arbeidet dei legg ned for HSG og eg håpar og trur ALLE som kårar lam i Hordaland vil sjå at våre dommarar er «på topp».

Avlsmøte for væraringane

Avlsutvalet saman med Avlsrådsleiar Thor Blichfeldt og Avlskonsulent Kjell Steinar Løland hadde 9 mars møte på Scandic Bergen-Flesland, møte var for værarringsmedlemmar og i hovudsak arbeidet i ringane framover, men ope for alle avlsinteresserte Sauaeigarar, emna var Genomisk Seleksjon i avl på NKS, Obligatoriske registreringar i væraringane, Nye eigenskaper, Avlsmål for fødselsvekt meir holdbare sauer, nye registreringar i sauakontrollen obligatorisk for værarringsmedlemmar og kva gjer me med spælsauavl og og kva gjer me med ullkvaliteten.



Frå venstre: Avls og seminsjef Thor Blichfeldt NSG, Leiar i avlsutvalet for sau i Hordaland Tore Atle Sørheim HSG og Avlskonsulent Kjell Steinar Løland NSG.

Kåringssjåa

I 2017 har avlsutvalet hatt ansvar for og gjennomført 13 kåringssjå i Hordaland. Som me alle veit var 2017 eit svært variabelt år for lamma, der høg fjellslamma var noko betre enn «heima/lågfjellslamma» men da vart stillt mange og svært gode lam til kåring også dette året. Dei aller fleste tilbakemeldingane til avlsutvalet er positive og miljø /opplevinga for den enkelte er GOD (det er berre eit par tilfeller der utstillarar IKKJE er nøgd med dommarane eller dømninga og da beklagar me sjølvst))

Kåringsperioden var frå fredag 22 sept. Til søndag 8 oktober, vel 16 svært hektiske dager. Da vart i 2017 dømt 1222 lam, kåra 1027 lam og vraka 195 lam og da var 227 utstillarar. I Hordaland har me stabilisert oss rundt desse tala. Vrakingsprosenten var i år 16% medan den i 2016 var på 12%, meir fokus på ullkvalitet og ny lupe til å avdekka marg/dauhår KAN være årsaka.



 **Atle Veland**
transport a.s

Dere finner oss på Facebook:

<https://www.facebook.com/AtleVelandTransportAS/>

Telefon: 480 48 720, e-post: rv.transport@rvtransport.no



Kåringsjåa og sjukdomsførebyggjande tiltak fører til mykje ekstra arbeid og lange dagar på lokallaga, PC kårar og dommarane, men er heilt naudsynt og dette MÅ følgjast skal me i det heile få avvikla kåringsjåa slik me vil ha dei, ein plass der folk og fe møtest.

Krav om vasking av regnkledde og støvlar (desinfisering)på sjåa gjekk veldig bra slik at den smitteførebyggjandes delen vart halden til punkt å prikke.

Alle kåringsdagar er avtala med kåringsansvarlege i lokallaga og med visse tilpasningar og forståelse frå dei, blitt godkjende. Den STORE dagen for kåring er siste laurdagen i september, men alle skjønner at me lyt rullera fordelinga litt etter størrelsen på sjået, planlagt program og fordelinga av dommarar / pc personell. Avlsutvalet trur me i framtida må halda på desse kåringsjåa både for det sosiale og miljøskapande som dette medfører, men sjukdomssituasjonen som alltid ligg på lur må kvar og ein ta på alvor, dette gjeld eigarar so vel som arrangørar.

Kåringsstatistikk for Hordaland 2017:

Kåringssted	Utstillere	Bedømte	Kåra	Kåra på disp	Vraka				
Austrheim	49	267	100 %	213	80 %	8	3 %	46	17 %
Bømlo	5	31	100 %	29	94 %	0	0 %	2	6 %
Eikelandsosen	16	73	100 %	62	85 %	2	3 %	9	12 %
Etne	17	111	100 %	90	81 %	0	0 %	21	19 %
Kvam/Samnanger	14	58	100 %	44	76 %	2	3 %	12	21 %
Kvinnherad	14	65	100 %	54	83 %	4	6 %	7	11 %
Masfjorden	7	27	100 %	22	81 %	3	11 %	2	7 %
Odda	19	97	100 %	76	78 %	10	10 %	11	11 %
Os	30	144	100 %	116	81 %	7	5 %	21	15 %
Stord/Fitjar	15	72	100 %	60	83 %	5	7 %	7	10 %
Sveio	7	61	100 %	58	95 %	0	0 %	3	5 %
Ulvik	9	44	100 %	33	75 %	2	5 %	9	20 %
Voss	25	172	100 %	122	71 %	5	3 %	45	26 %
Hordaland	227	1222	100%	979	80%	48	4%	195	16%



Aase Nøttveit ved landbrukskontoret på Stord/Fitjarflankert av dommarane Knut Baggegard, Jondal og Oddmund Hildal, Odda.



Dei tre beste i klassen langhala kvit sau; f.v. Svein Egelanddal, Ryggja, Tore Atle Sørheim NKS og Lars Olav Litlabø Ryggja.



Fagrådgivar i Nortura, Karluf Håkull, er online med vêrabasen på nettet, og registrerer opplysningane frå dommarane fortløpande. Her med skjemaet på lam nr. 77011, vinnarlammet, Ryggja til Svein Egelanddal Stord kåra til 10-9-10-10-10.

Avlsarbeidet på sau i Hordaland er svært godt, alle avlsinteresserte i væraringane og smårasane driv seriøst avlsarbeid, og me har nokre av dei beste værane i landet i NKS ,Spæl og Sjeviot, i tillegg er ringane i Hordaland blant dei beste både ved innsett i ring om hausten og resultat etter granskinga.

I seminkatalogen som kom i haust var mange av værane født i Hordaland, både indeksværarar og småraseværarar, dette viser da stora mangfoldet av gode værar frå fylket.

Ringane i Hordaland 2017:

NKS i ring, 142,144,148,150,151,152,154,155,158

Av 181 granska værar fekk heile 177 indeks over 115. Beste avkomstgranska NKS væren og beste av alle værar i Hordaland dette året var vær 2016 54037 Fjellmo Stord, indeks 146, alar Tore Atle Sørheim, Stord frå ring 142. Nr 2 vart vær 2016 54657 Lingosand, indeks 143, alar Knut Jarle Helland, Tysnes frå ring 151 og på tredje plass var da 3 værar med indeks på 141 nr 2016 53974 Spiss Såkvitne, frå ring 144, alar Inga Winjum Rørlien, Granvin, 2016 54035 Fjellmo Sørheim frå ring 142, alar Tore Atle Sørheim, Stord og 2016 54239 Sveistas frå ring 150, alar Sveio smalasamdrift, Sveio.



Velkommen til vårt

FABRIKKUTSALG

Me tek imot skinn for
beredning

Stort utvalg i skinn av sau, rein, geit, samt lær og andre produkter. *Velkommen!*

Besøk våre nettsider for info om beredning og salg av **norsk produserte** skinn.



LIK OSS PÅ FACEBOOK  granberggarveri.no

Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Klippeutstyr

Klippekrakk



Stort utval av hengemaskiner, handklippe-maskiner, knivar, kammar m.m.

Drikkeutstyr for sjølvmontering



Vi har alt du treng for montering av drikke-utstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, stål- og plastrør, røyrdelar m.m.

Aktuelt til lamminga



Mjølkepumpe for sau og geit. Enkel i bruk.
Råmjølkerstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Halsreimar - Grimer - Kjetting



Stort utvalg!

nessemaskin
Sjøarsv. 5, 6899 Balestrand, Tlf. 57 69 48 00
www.nessemaskin.no

Spæl i ring, 143,155 og 159

Av 50 granska fekk 35 indeks over 115, Beste avkomstgranska spælværen i fylket vart 2016 54653 Brultus indeks 135, alar Gerd Ingrid og Lars Norheim, Norheimsund frå ring 155. delt andreplass med indeks 130, vart 2016 53927 Kvitnatorpedo, alar Knut Kvitne, Voss ring 159 og 2016 54711 Alf Ang Vinni, alar Alf Angelskår, Ostereidet.

Sjeviot i ring 141

Av 21 granska værar dette året fekk 11 indeks over 115 og beste avkomstgranska sjeviotværen i fylket vart 201654885 Nicko, indeks 132 alar Kåre Wiik, Vågseidet nr 2 vart 2016 54882 Rudolf, indeks 130 og nr 3 2016 54898 Frido, indeks 126, begge dei værane er oppalt av Aslak L.Wiik, Vågseidet, alle 3 værane er frå ring 141.

Værar frå hordaland i seminkatalogen 2017

Nummer	Namn		Kontaktperson
2014 51688	Grom Hove NKS	Alar	Nils Inge Hitland, Mjølkeråen
2014 51310	Fiba Sørheim NKS	Alar	Tore Atle Sørheim, Stord
2013 50990	Basegut Holmåns NKS	Alar	Ove Holmåns/Randi Undertun, Lindås
2013 50568	Per Sjeviot	Alar	Bente Marie Marktun, Hauglandshella
2014 51985	Charles Farga Spæl	Alar	Ørjan Jacobsen, Meland
2015 53626	Ragnar Farga Spæl	Alar	Eirik Gustavsen, Haukeland
2011 01006	Gmlnorsk Spæl	Alar	Lars Tyssebotn/Berit Ophus, Fotlandsvåg
2015 52970	Pompel Suffolk	Alar	Geir Olmod Sæbø, Øvre Eidfjord
2016 54168	Napoleon Suffolk	Alar	Geir Olmod Sæbø, Øvre Eidfjord
2013 03024	Ulla Krekar Svartfjes	Alar	Tore Skår, Lindås
2016 54009	Hauglandsblæsen Blæs	Alar	Marte Drange Haugland, Stord
2014 51344	Litlabø Egen Ryggja	Alar	Lars Olav Litlabø, Stord
2015 00048	Brekken Villsau	Alar	John Inge Vik, Austevoll



Eigarskifte i landbruket

Eit godt eigarskifte startar med den gode samtalen.

Voss Sparebank har lang røynsle som landbruksbank. Rådgjeving og finansiering av små og store maskine, utvikling av drift og kjøp av landbrukseigedom er ein del av vår kvardag.

Ta kontakt for ein uforpliktande samtale.

Tlf: 56520300

E-post: post@vossabanken.no

www.vossabanken.no



**FRIHET ELLER
KONTROLL?**

JATAKK
**BEGGE
DELER**

Sånn er det å være kunde i Tveit. En enklere hverdag, større frihet og mer fritid. I Tveit har vi bare lokalkontor, 16 av dem. Fra Stavanger i sør til Bergen i nord. Derfra fører vi regnskap og rådgir 2700 bedrifter og 1700 jordbrukskunder. Vi arbeider ut fra den filosofi at vi skal være tilstede der du er. Moderne, kompetente, engasjerte – nær deg.

www.tveit.no



Oversikt over væraringane i Hordaland med kontakt person pr 2017:

Ring	Væraring	Kontaktperson
141	Bergensområdet sjeviot	Henrik Steinsund
142	Stord NKS Væraring	Jarle Ansgar Helland
143	Kvinnherad-Ølen-Etne Spælværring	Leif Åsheim
144	Nord Hordaland NKS Væraring	Anders Konglevoll
148	Vossaringen NKS	Knut Skjervheim
150	Sveio NKS Værering	Olav Håvardsholm
151	Ytre Hardanger NKS Væraring	Egil Øvstebø
152	Etne NKS Væraring	Ole Sævareid
154	Strilavereringen NKS Væraring	Nils Inge Hitland
155	Kvam/Samnanger NKS-Spæl-Fargaspæl	Lars Norheim
158	Hardanger NKS Veraring	Frode Tveito
159	Hordaland Spælring	Alf Angelskår

Til slutt vil avlsutvalet for Sau takka alle lokale sauvalg, væraringar, landbrukskontor, dommarar, Nortura, Fatland og HSG v/styre for godt samarbeid gjennom året som gjekk.

Stord, 22.01.2018

Tore Atle Sørheim

Leiar i avlsutvalet for Sau



*Frå sankegjerd
i Benhelleren
beitelag. Foto
Karluf Håkull*

Gjetarhundnemnda i HSG, årsmelding 2017

Nemnda har vore slik samansatt:

Ivar Haug - leiar
Stein Dalland
Ragnhild Reisæter
Vara - Egil Øvstebø
Jan Tore Veland
Ivar Sekse

2017 har vore nok eit år med utvikling i riktig retning i Gjetarhundarbeidet. Me opplever at stadig fleire bønder tek i bruk hund på garden. Det er aukande interesse for bruk av gjetarhund, og stadig nye folk dukkar opp på fellestreningar som er rundt i lokallaga. Ny giv prosjektet er også avslutta, med stor suksess.

Nedenfor kort oppsummert fylkets aktivitet i 2017:

- Utdeling av gåvepremie frå HSG til fylkesmeister i bruk av gjetarhund. På årsmøtet febr 2017 fekk Sander Hindenes med Gael, prisen som fylkesmeister 2016.
- Det vart arrangert kurshelg i Rosendal 18 – 19 mars 2017, 26 ekvipasjar med ulik kunnskapsgrad var påmeld.
- Ny giv prosjektet vart avslutta med ei samling i Rosendal 20/6-17 i regi av HSG, der var gjetarhundnemnda representert. Me sette opp kve og viste fram litt om korleis starta ein unghund. Forklarte litt om kva ein bør sjå etter og kva ein bør vera oppmerksam på.
- Det har vore arrangert Landsprøve på Radøy og distriktsprøvar i Austrheim, Etne, Ulvik og Osterøy.
- Før distriktsprøven i Ulvik var det kurs for dei med ambisjon om å gå prøve, instruktørar var Martin-Andrè og Audun.
- Fylkesmesterskapet gjekk i Myrkdalen på Voss, same bane som NM vart arrangert i 2013. Vinnar i år som i fjor vart Sander med Gael.
- Det har vore gjetarhundoppvisning på matfestivalen i år som i fjor.
- Det har vore arrangert treningsdag/prøve i Norheimsund 27 august for dei med ambisjonar om å komma på NM-laget. Marianne stilte opp med sau og treningsbane.



- Fylket stilte i NM i Trøndelag med 8 ekvipasjar, krevande forhold og sau, men Audun Seilen med Maid kom som einaste frå fylket til finalen og fekk ein 13 plass 😊
- I tillegg har nemnda deltatt på møter både i regi av fylkeslag og lokallag.


Som oppsummering viser, er det brei og god aktivitet i fylket, noko som me alle nyter godt av. Vil oppfordra småfenæringa om å søkja samarbeid og skapa godt fellesskap til felles nytte!

Betre hundemateriell — betre hundetrenarar = betre arbeidshundar 😊

Takk til alle som stiller opp og gjer ein innsats for gjetarhunden!

Voss 15.01.2018

Ivar Haug
leiar



Beiteutvalet, årsrapport 2017

Beiteutvalet har hatt eitt fysisk møte i 2017. Utvalet gjekk gjennom tildelinga av investeringsmidlane til beitelaga. Det var kun 1 utlysing av midlane med frist 15. mars. Hordaland fekk tildelt kr 600 000 som utvalet kunne løyva til investeringar i 2017. Det vart trekt inn midlar med utgått arbeidsfrist på slutten i byrjinga av januar og desse er med i årets ramme.

I mai hadde utvalet møte der me tilrådde fordeling av investeringsmidlane til beitelaga. Totalt 38 beitelag søkte om investeringsmidlar til i alt kring 70 tiltak. Totalt vart det i år løyvd kr 615 000,-. Det meste av investeringsmidlane gjekk til sankehenger, bruer, samlehenger m.m. I fjor beslutta utvalet å auke satsane for saltsteinautomatar og elektronisk sporingsutstyr til hhv. kr 500,- og kr 400,- per eining. Tilskotet til el. Sporingsutstyr var tidlegare avgrensa til 15 % av tal vaksne dyr i beitelaget, men vart òg auka, til 20 %. Dei satsane vart ståande i 2017.

Det er stor vilje til å gjera investeringar i beitelaga i fylket – og det er bra. I 2018 får Hordaland same ramme for investeringsmidlar som i 2017; kr 600 000,-. Totalt med inntrekte midlar er det ei ramme på kring 720 000,-. Dette gjer at satsane som vart auka i 2016 vil verte ståande òg i 2018.

Vi drøfta òg om vi skulle ha ein møteserie med beitelaga i fylket. Det har vorte gjort nokre gonger før med god oppslutnad frå beitelaga. I staden for fleire mindre møter vart det på sein sommaren bestemt at det heller skulle planleggast ein større fagsamling der ein kunne prøve å få gode føredragshaldare. Dette vert gjennomført på Flesland, 26.-27. januar. Samlinga har fått god støtte frå Fylkesmannen sine Utgreiings- og tilretteleggings midlar og Fylkeskommunen sine RULL midlar.

I 2014 vart det etablert eit Rovviltutval i Hordaland der ein representant frå HSH leiar i beiteutvalet og ein representant frå Fylkesmannen si landbruksavdeling er med. Utvalet har gjeve Jeger og Fisk i oppdrag å etablere eit fellingslag for rovvilt i Hordaland. Det skal fungera som beredskap for beitenæringa dersom det skulle verta aktuelt med fellingsløyve i ein akutt skadesituasjon. Laget var på plass i 2016 og erfaringar med fellingslaget er gode.

Medlemar beiteutvalet 2017

Leiar: Jarle Helland, Småbrukarlaget
Medlemer: Kjetil Skjervheim og Ole Johan Eidsnes. Hordaland Sau og Geit.
Bodhild Fjelltveit, Bondelaget.
Observatør: Reidar Kallestad, Styret i Hordaland Sau og Geit.
Sekretær: Kari Elsa A. des Bouvrie, Fylkesmannen si Landbruksavdeling.



**Norskproduserte
varer for den
norske bonden!**

Lena Forhekk

Eit avgrensa tal Lena forhekk til netto kr. 3990,- + mva. Omlag 240 cm lang.

Kjekk til bruk i avlastningsgard under til dømes lemning og til foring ute heile året.

Vi har også saltsteinautomat for utplassering beiteområdet for 4 - 5 - 6 - 7 stk.10 kg. steiner.



Er du klar til lemning?

Lettskilje standard frå kr. 460,-

Lettskilje med port frå kr. 1340,-

Lettskilje med krybbe kr. 1891,-

Lettskilje og foringssystemer

Lettskilja er lammetette nede og kan koplus saman med mange andre fabrikat lettskilje.

Dei kan monteras saman i rekke, eller som skilje i bingane under lemning.

Ein kan nytta ring på treskrue eller plater for feste til stolpar eller treverk, og enkle eller doble beslag med ring for montering på frontar og skiljegrind / bakgrind.



Rundballehekk kr. 5.990.- Bøtteholdar til lettskilje kr 199,-



Hektes enkelt på alle typar lettskilje utan bruk av skruar.



Trevegs-delar kr 7.230,-

Noteringsbord kr 1.525,-

Enkel handtering ved sortering av sauer.

Ved bruk av trevegs-delar saman med lettskiljer kan ein enkelt sortere sauer og lam i tre ulike gardar.



Appetitt forhekk.

Frå kr. 28.900,-

Langsgående eller oppdelte eteplassar.

Kan også leverast med halsopning for geit.

Har du spesielle mål eller ønskjer:
Ta kontakt for eit pristilbod.



Etefront

Ein klassikar som framleis er populær både med og utan stengsel.

Produsert sidan 1981, med små justeringar ut frå erfarne sauebønder sine ønskjer.



Vi produserer også langsgående etefront med forrist.

Strekkmetall — Gjerdestaur — Gjerdening

Vi kan levere alt av golv og innreiring til sau, både standard- og spesialmål. Ta kontakt for prisar og mogelegheiter for nettopp din fjøs.

Vi lagerfører også gjerdemateriell, tak- og veggplater, vindauger og dørar osb.

Har du båt og treng bryggjer og uteriggere, kan vi hjelpe deg med det også.



Sjå vår heimeside
www.gaardbrukerservice.no
for meir utval

Gårdbrukerservice—landbruk & marina

Radøyvegen 2502.—5937 Bøvågen.

Tlf: 56349500

E-post: postmaster@gaardbrukerservice.no

Årsrekneskap HSG 2017

Hordaland Sau og Geit

Resultatrekneskapen

<u>Inntekter:</u>	<u>2017</u>	<u>Budsjett 2017</u>	<u>2016</u>
Utfakturert Årsmøte	105 581		
Medlemspengar	367 813	380 000	376 718
Inntekter kåring	168 420	160 000	156 380
Kursavgift gjetarhund	39 207	20 000	25 860
Tilskot fagsamling	2 800	3 000	3 800
Årleg tilskot drift/gjetarhund	20 000	20 000	20 000
Årleg tilskot drift/avl	20 000	20 000	20 000
Tilskot avl NSG			53 154
Annonseinntekter	19 000	20 000	25 000
Div.inntekter		2 000	952
Sal Caps mm	4 160		
Purregebyr	250		
Renteinntekter	6 035	7 000	7 195
Sum inntekter	753 266	632 000	689 058

Kostnader:

Løner	171 200	195 000	169 300
Arb.gjev.avgift	24 139	26 000	23 871
Møteutgifter	5 854	15 000	16 825
Årsmøte	106 283	30 000	30 210
Tilskot Geit i vekst			
Leiarmøte		15 000	24 164
Joletur	21 134	20 000	26 889
Fagturer		6 000	
Føgmøter		10 000	28 600
Kjøp av varer for vidaresalg	14 741		
Øyremarker	6 420	8 000	8 025
Utstyr	8 606		
Kåringsklær	4 770		
Tilskot geitedagane		10 000	
Tilskot klyppekurs		10 000	
Tilskot Regnskogsfondet			
Årleg tilskot drift/gjetarhund	20 000	20 000	20 000
Årleg tilskot drift/avl	20 000	20 000	20 000
Deltakeravgift gjetarhund	12 040	10 000	10 260
Kursutgifter		20 000	23 385
Rekneskap/kasserar/kontorutgifter	32 866	25 000	25 346
Porto	1 443		429
Årsmelding	17 500	20 000	19 800
Bilgodtgjersle	78 313	80 000	82 110
Reiser/opphald	54 126	25 000	25 867
Diett	58 264	55 000	57 000
Annoseutgift	3 950		
Vervekampanje/premiar	5 813	7 000	
Gåver	7 069	5 000	3 216
Div. utgifter	117		156
Sum kostnader	674 648	632 000	615 452
Årsoverskot/Underskot	78 618	0	73 606

Årsrekneskap HSG 2017

BALANSE PER 31/12-2017

	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Eigedeler:		
Kundekrav	48 933	
Bankinnskott	1 127 050	1 127 908
Sum eigedeler	1 175 983	1 127 908
 Gjeld og egenkapital:		
Eigenkapital 1/1-2017	993 705	
Overskot	78 618	
Eigenkapital 31/12-2017	1 072 323	993 705
Sum egenkapital	1 072 323	993 705
 Gjeld		
Kreditorar	40 507	36 381
Skuldig arb.gjev.avg./skattetrekk	22 799	68 850
Skuldig lønn mm	40 354	28 972
Sum kortsiktig gjeld	103 660	134 203
Sum gjeld og egenkapital	1 175 983	1 127 908

Voss, 5. februar, 2018



Bjarte Bystøl
aut.rekneskapsfører

Voss Rekneskap AS

Postboks 542 - 5703 Voss
Org.nr. 999 102 891 MVA

Årsrekneskap HSG 2017

Hordaland Sau og Geit

Rekneskap per 31/12-2017, fordelt på dei ulike avdelingane

Inntekter	Budsjett 2017	Totalt	Drift	Avl	Gjetarhund	Geit
Medlemspengar	380 000	367 813	367 813			
Inntekter kåring	160 000	168 420		168 420		
Kursavgift gjetarhund	20 000	39 207			39 207	
Tilskot fagsamling	3 000	2 800	2 800			
Årleg tilskot overf.drift/avl	20 000	20 000		20 000		
Årleg tilskot overf.drift/gjetarhund	20 000	20 000			20 000	
Utfakturert årsmøtet		105 581	105 581			
Sal caps mm		4 160	4 160			
Annonseinntekter	20 000	19 000	19 000			
Div. inntekter	2 000	250	250			
Renteinntekter	7 000	6 035	6 017		18	
Sum inntekter	632 000	753 266	505 621	188 420	59 225	0
Kostnader:						
Lønn	195 000	171 200	122 400	35 200	13 600	
Arb.gjev.avg.	26 000	24 139	17 258	4 963	1 918	
Møteutgifter	15 000	5 854	4 500	1 354		
Årsmøte	30 000	106 283	106 283			
Årsmelding	20 000	17 500	17 500			
Leiarmøte	15 000					
Kjøp av varer for videresal		14 741	14 741			
Jolatur	20 000	21 134	17 874	3 260		
Fagturer	6 000					
Fagmøter	10 000					
Øyremarker	8 000	6 420		6 420		
Tilskot geitedagane	10 000					
Årleg tilskot drift/gjetarhund	20 000	20 000	20 000			
Årleg tilskot drift/avl	20 000	20 000	20 000			
Tilskot klyppekurs	10 000					
Deltakeravgift gjetarhund	10 000	12 040			12 040	
Kursutgifter	20 000					
Utstyr		8 606		8 606		
Kåringsklær		4 770		4 770		
Rekneskap/kasserar/kontorutg.	25 000	32 810	14 074	14 674	4 062	
Kontorutgifter		56	22	34		
Porto		1 443	577	795	71	
Bilgodtgjersle	80 000	78 313	34 565	42 429	1 319	
Reiser/opphald	25 000	54 126	44 277	9 369	480	
Diett	55 000	58 264	2 264	56 000		
Vervekampanje/premier	7 000	5 813	5 813			
Annonser		3 950			3 950	
Gåver	5 000	7 069	3 436	2 315	1 318	
Div. utgifter		117	71	44	2	
Sum utgifter	632 000	674 648	445 655	190 233	38 760	0
Resultat	0	78 618	59 966	-1 813	20 465	0

find°my

SATELLITE TRACKING
TECHNOLOGY

Spor dyra dine - uten mobildekning!



- Med satellittbjeller fra Findmy får du full oversikt over dyra dine på utmarksbeite!
- Vi bruker satellitt, som gjør deg helt uavhengig av mobildekningen.
- Vi tilbyr markedets beste dekning, fri tilgang på vårt dataprogram, app og gratis support!

Ta kontakt med oss for en uforpliktende prat. Vi skreddersyr løsninger for deg og hjelper deg med dine utfordringer!

Tlf: 62009020 E-post: post@findmy.no

Storengsveien, 2512 Kvikne

Se vår hjemmeside for mer informasjon www.findmy.no

KOMPLETT BYGGEVAREHUS PÅ VOSS

BYGGEVARER
TRELAST
JERNVARE

HYTTEUTSTYR
MALING
KJØKKEN OG BAD

PEIS OG VARME
FLISER OG GOLV
GARDEROBE



ENTREPRENØR

TVERBERG.COM

BRYNASKOGEN 39, 5705 VOSS – TLF. 56 52 96 96 – WWW.TVERBERG.COM

Geitedagene 2017

slutten av august var geitebønder fra heile landet igjen samla, denne gong i Myrkdalen i Hordaland.

Stemninga i forsamlinga var god og full av framtidstro. Tine sin sjef for rådgjeving og for forretning- og utvikling hadde innlegg på fredagen og det vart en engasjert debatt rundt temaet geitemjølke og geitemjølks produkt.

Næringa har gjort en formidabel innsats med å sanere alle geitebruk i Norge for flere sjukdommer de siste 10 årene. Kvaliteten og smaken på mjølka og endra seg drastisk og produkta laga om geitemjølke er av meget god kvalitet. Likevel er det utfordrende å markedsføre disse produkt. Samstundes ser det ut til at det er et oppsving på gong der flere og flere kjøpmenn tar inn geiteprodukt og ønsker å satse på det.

På dag 2 var det flere innlegg om mjølkekvalitet, og endringer i avrekning på dette. Etter lunsj kunne en velge mellom tre utflukter derav ene turen





gjekk til Aurland og besøk av et topp moderne geitefjøs til nærere 200 geit. Fjøset ligg på ca 500 moh i en bratt skrent og geita beita nede med fjorden på dagtid, mens de trakk opp i 1400 meters høgde om natta.

Det andre besøket var til Undredal stølsmeieri. Der fikk produsentene omvisning av anlegget og smake tradisjonsrike brune og kvite geitoster. Søndagen var prega av heile landbrukets satsing på grovfôr kvalitet med flere innlegg av Prosjektet Grovfôr 2020. Innlegga var praktisk retta og spesielt mot kva som er godt grovfôr for geita.

Selv om det var stor overvekt av melkebønder hadde også flere kjøtt produsenter komt. **Norboer** som er en landsdekkende interesseorganisasjon for boergeit i Norge var godt representert. På årsmøtet Deres som også ble holdt denne helgen var avl en av hovedtemaene. Import semin og utarbeiding av avls plan for rasen er godt i gang. Interessen for geit og kjekjøtt er økende.

En faglig og hyggelig samling i tre dager for flinke geitebønder!

Leiarar i Hordaland Sau og Geit



Johan Byrkjeland, Stend	1947 – 1949
Kristian Mayer, Rådal	1949 – 1950
Johan Byrkjeland, Stend	1950 – 1951
Kristian Mayer, Rådal	1951 – 1964
Leif Vevatne, Skulestadmoen	1964 – 1966
Aage Lavik, Eksingedalen	1966 – 1968
Arne Bekken, Rosendal	1968 – 1969
Haldor Lunde, Bulken	1969 – 1971
Helge Bergo, Eksingedalen	1971 – 1981
Anders Skjerveggen, Voss	1981 – 1983
Eilev Veseth, Osterøy	1983 – 1989
Jarle Helland, Radøy	1989 – 1996
Olav Gunnar Hjelmeland, Kvinnherad	1996 – 1999
Martin G. Haugland, Sveio	1999 – 2001
Ove Holmås, Lindås	2001 – 2008
Inga Winjum Rørlien, Granvin	2008 – 2010
Nils Inge Hitland, Bergen	2010 – 2017
Reidar Kallestad, Lindås	2017 -

Julebord på Geilo 2017 med HSG

Helga 15.-17. desember reiste medlemmer av HSG til Bardøla hotell på julebord.

På toget oppover var det quiz med Karsten. Fredagen vart det sosialt samvær på hotellet og koltbord med biff. På laurdagen var det felles utflukt for dei som ønska det. Turen starta med guida busstur opp til Hol ysteri. Her fekk me høyre om den daglege drifta og korleis dei hadde vorte til. Dei ysta mest geitemjolk og vidareforedla kjøttet sjølv. Mesteparten vart seld via bondens marknad. Dei ysta og litt for andre bønder i nærområdet.

Vidare gjekk turen opp til Jon Lilleslett og Torunn Tveide. Her dreiv dei med over 400 vinterfora sau. I over 20 minusgrader vart det ein raskt kikk på dyr og driftsbygning, før me vart invitert inn på ferske bollar og kaffi. Her fekk me høyre litt om drifta, blant anna så pakta dei over 23 gardar. Om sommaren beita dei under flotte forhold ved Hallingskarvet. Ved hjelp av gode beite og godt stell kunne dei vise til resultat i særklasse.

Tilbake til Geilo vart det tid til litt handling før julebord. Etter ein liten aperitif kunne me forsyna oss av eit kjempeflott koltbord. Søndagen vart det ein lang frukost før heimreis. Dette vart ei kjekk og vellykka helg.



Alle samla for å nyta eit av fleire gode måltid.



Julebord



Familien Stenberg fortel om familiebedrifta Prestholt Geitost som driv Hol ysteri.



Lokala til Hol ysteri. Der har dei utsalg av masse flotte lokale varer, samt ein kan kan få innblikk i ystinga mens den pågår.

Julebord



Sauene har det godt hos Jon Lilleslett og Torun Tveide.



Der var god stemning og stor gjestfrihet i stova til Jon og Torun. Her får dei lokalt øl ifrå Voss.

Indre Hardanger Sau og Geit, årsmelding 2017

Styret 2017:

Leiar:	Johannes H. Sekse	(på val 2018)
Nestleiar:	Oddmund Hildal	(på val 2018)
Skrivar:	Geir Olmod Sæbø	(på val 2018)
Styremedlem:	Frode Tveito	(på val 2019)
Styremedlem:	Marius Opedal	(på val 2019)
1. Vara:	Jan Sandven	(på val 2018)
2. Vara:	Kjersti Vårdal	(på val 2018)
3. Vara:	Ola T. Aga	(på val 2018)

Kasserar: Tenesta er leigd av rekneskapsførar Jakob Bleie. (Han gjer ein framifrå jobb, er effektiv, rask og passar på at alt er som det skal – og vel så det).

Gjetarhundnemnd:

Gunnar Lægreid leiar	(på val 2018)
Inger Beate Tveit	(påval 2019)
Hilde Sandvin	(på val 2020)



Fylkesårsmøtet: Knut Sygnestveit, Ulvik gjekk ut av styret, og nestleiarer vår, Oddmund Hildal kom inn.

Ettersynsmenn:

Vart ikkje valde, på grunn av endring i vedtektene.

Utendingar til årsmøtet i fylkeslaget:

Leiar Johannes H. Sekse og Oddmund Hildal

Valnemnd:

Ivar Hildal	leiar	På val 2018
Bjørg Børve Dvergsdal		På val 2019
Johan Sandven		På val 2020

Medlemstal

Medlemstalet var pr. 31.12.2017: 66 (68) hovudmedlemmer – 8(10) over 50 dyr, 58 (58) under, 12 (10) husstandsmedlemmer, ingen æresmedlemmer og 3 (0) støttemedlemmer. Totalt: 81 (78). Styret understrekar at medlemskapen er personleg, men vil samstundes oppmoda om at fleire melder seg inn som husstandsmedlemmer – og støttemedlemmer.



Før årsmøtet vitja med Ragnhild Reisæter. Og etter ei synfaring i fjøset, vart det litt tid til sosial prat rundt bordet.

Årsmøtet 2016

Årsmøtet for 2016 vart halde på Utne Hotel den 20. februar 2017. 10 (14) medlemmer, mellom anna veterinær Inger Synnøve Vestrheim møtte. I tillegg møtte to frå Jondal. Før møtet, fekk me omvising i fjøset og deretter den koselege heimen til Ragnhild Reisæter.

Innleiingsvis viste leiaren ein del bilete av aktivitetar frå året som hadde gått. Årsmeldinga, og rekneskap vart samrøystes vedtekne. Rekneskapen med ein merknad. Som året før har styret hatt færre møte for å redusera på utgiftene. Også i år leide me inn aggregat for å redusera på utgiftene i samband med vêrlamkåringa.

Vi har det meste til SAUEHOLDET!



SKarmøy
Sveis & Landbruk

4272 SANDVE

TLF.: 52 81 80 60

Alt du treng av rådgjeving, samla på ein plass!

Kunne du tenka deg betre avlingar og betre lønsemd i drifta? Går du med tankar om å byggja, utvida drifta eller starta med attåttnær-
ing? Lurer du på korleis det nå eigentleg var med sprøyting av den høymola? Trur du du kan verta betre på HMS? Tykkjer du det er noko herk å fylla ut søknadar? Er det på tide med ny gjødslings-
plan? Skal du nydyrka, eller drenera enga di? Lurer du på kva tid du skal bladgjødsla fruktrea dine? Ta kontakt med oss, vi kan hjelpa deg med alt dette, og meir til!

Kontakt oss:

98245838

vest@nlr.no

<https://vest.nlr.no/>



Norsk
Landbruksrådgiving **Vest**

Årsmøtet vedtok og at laget skulle oppretta ein ny konto der me kunne binda renta og dermed auka renteinntekta. Det vart også vedteke å endra vedtektene slik at me ikkje treng ettersynsfolk. Det er høve til det sidan me har autorisert rekneskapsførar. Styret skulle også gå gjennom og leggja fram forslag til nye vedtekter på neste årsmøte.

Leiar, Johannes H. Sekse og Oddmund Hildal vart valde som utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget på Thon, Sandven hotel i Norheimsund 26.-27. februar. Begge møtte. Oddmund vart innvald som medlem i styret i Hordaland Sau og Geit. Noko som gjer at me har fått endå tettare og meir direkte kontakt med det som skjer på fylkesplan. Oddmund har også fått ansvar for nettsida til fylkeslaget, og har, etter det me får meldt frå styreleiar Reidar Kallestad, ein svært god jobb både der og i styret elles.

Årsmøtet vedtok å halda på ei ekstra kåringsavgift på 70 kroner pr. lam, for å kompensera litt for utlegg i samband med arrangementet.

Det var tinga snittar og kaffi/te som vart innteke parallelt med møtet. Me takka for bra mat og godt stell. Styret fekk elles i oppgåve å prøva å få utsett kåringsstidspunktet til etter at nye indeksar var på plass. Noko me lukkast med.

Det vart og bede om at dommarane måtte få ein trekkfri stad å eta på. Årsmøtet ynskte også at slutten på kåringa vart betre markert, mellom anna ved å framheva vinnarane. Geir Olmod Sæbø sitt namn var utegløymd i den fyrste protokollen. Dette vart oppdaga på eit styremøte. Protokollen vart retta opp, og underskriven på nytt.



Ein del medlemmer deltok på våronnmøte i Eidfjord. Her frå sjølve møtet i det koselege lokalet til Mona og Hans Olav Lægreid, før dagen vart avslutta med besøk hjå Gunnar Lægreid.

Styremøte

Det har vore halde 3 styremøte. I tillegg har det vore ein god del kontakt via telefon og epost. Dette for å redusera utgifter. Styret konstituerte seg via epost datert 3. april.

1. 23. mai:

Konstituering av styret.

Gjennomgang av kva som hadde skjedd sidan årsmøtet:

- Ein del av styret og ein del medlemmer var på møte om «**Jerv og beitedyr i Valldalen og kringliggjande område**» i Odda den 15. mai. Der leiar i rovvilt-nemnda, Alexander Heen, SNO, Fellingisleiar Arne Sangolt, i Hordaland o. a. deltok. Møtet vart leia av Jørgen Aarø og Kari Elsa des Bouvree frå Fylkesmannen. Det verkar som ei svært tungvinn sak å få til uttak av skadegjeraren også dette året. Mange følte det som om det er manglande både evne og vilje til å få gjennomført tiltak med positivt resultat.
- Den 22. mars var me medtilskipar av eit svært vellukka **Våronnmøte** på Hildal, saman med Norsk Landbruksrågeving Vest, ved Helene Elvatun. Oddmund og Ivar Hildal stilte tun, hus og heim til disposisjon og var eit glimrande vertskap. Me fekk og omvising i fjoset, og korleis dei ordnar seg med sauene fordelt i to etasjar. Asbjørn Ramsli frå Miljøkalk snakka om kalking og fornying, medan Trine Hilstad orienterte om endra reglar for tilskotsordningar.



Våronnmøtet på Hildal, var eit samarbeid mellom rettleiingstensta ved Helene Elvatun og oss. Oddmund og Ivar Hildal heldt både hus og tun.

På dette styremøtet vedtok me og å vera med på den landsomfemnande grillaksjonen for å fokusera på auka sal av lam- og sauekjøt. Frode fekk ansvar for arrangement ved Spar Kinsarvik og Oddmund utanfor Rema 1000 i Odda. Den prekære veterinærsituasjonen vart og drøfta.

Frode skal kontakta Nortura og Oddmund Fatland om at dei må verta raskare med å informera Animalia om slakteresultat m.m. Johannes skal ta kontakt med Tore Atle Sørheim om dato for kåringa og tinga plass under Skaltaket. Me vil også invitara saueeigarane i Kvinnherad med, slik at det verkjeleg kunne ha vorte eit

skikkeleg svung over arrangementet. (Det vart diverre ikkje noko av, då dei framleis ville vera hjå seg sjølve).

Det nye styret består av svært engasjerte medlemmer. Så engasjerte, at styreleiaren til neste møte måtte presisera at ein kørde gjennom saksgangen fyrst, og deretter tok opp interessante, faglege spørsmål til slutt. For at ikkje dette skal mistolkast, vil styreleiaren presisera at engasjerte styremedlemmer er eit absolutt pluss.

2. 20. september:

Me førebudde verlankåringa om er fastsett til den 30. september - og fordelte oppgåver. Mattilsynet har alt gitt dispensasjon. Det er elles mykje som skal på plass, sjølv om me har eit relativt lite kåringsstjå. Oppgåvene vert greitt fordelt. Det er ein fordel at ein har lista frå året før, og at den vert ajourført etter kvart som det dukkar opp nye ting som skal gjerast eller som trengst.

Me vil elles understreka ynskjiet frå årsmøtet om å markera avslutninga betre. Me drøfta også medlemskap og gjetarhundtrening på dette møtet. Det siste året har det vore drive svært positiv og aktiv hundetrening med Oddmund, Ivar og Gunnar i spissen. Deltakinga har vore bra, men ein del er ikkje medlemmer og vil heller ikkje melda seg inn. Styret vedtok difor at treninga er gratis for medlemmer, og at ikkje-medlemmer betalar 200 kroner kontant, kvar gong dei er med. Styret vedtok elles å leggja årsmøtet til Mikkelparken i Kinsarvik. I år vil me sjekka at tidspunktet ikkje kolliderer med andre, viktige møte, slik som i fjor.

Styret var også bede om å gje fråsegn i samband med ein søknad om opptak av nytt medlem i Halne Beitelag. Styret svarta at dette ikkje vedkjem nokon av medlemmene våre, og at me difor ikkje hadde noko å merka.



Grillaksjonen i Odda og Kinsarvik (biletet) vart svært vellukka. Her er Frode Tveito og Egil Dvergsdal i sving.

3. 22. januar 2018:

Planlegging av årsmøte på Hardangertun. Me vil premiera dei to med best kåringsresultat under verlamkåringa. Premie pluss diplom. Styret vil føreslå å auka kåringsavgifta til 100 kroner pr. stilt lam. Me vil prøva å redusera «husleiga» for skaltaket. Me vil elles kontakta veterinærane om å få til ei minneleg ordning med tilgang på medisin så lenge situasjonen er prekær. Det har skjedd ein del tragiske hending nettopp på grunn av uakseptabel lang ventetid. Me vil og be Inger Synnøve om å koma på årsmøtet og informera om stoda.

Fylkesårsmøtet 2017

Johannes H. Sekse og Oddmund Hildal møtte som utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget på Thon Hotel Sandven i Norheimsund, den 26. - 27. februar. Her vart Oddmund vald inn i styret. Det betyr at me i praksis får møta med ein ekstra på komande årsmøte. Ragnhild Reister er styremedlem i Gjetarhundnemnda i HSG. Ho vart vald inn i 2015, og står på val i år. Ivar Sekse er 3. vara til nemnda. Elles var et oppe mange svært aktuelle saker, som omsetnaden av lam- og sauekjøt, jerveproblematikken m.m. Johannes fekk også denne gongen oppdraget med å leia festmiddagen.

Leiarsamling i HSG på Comfort Hotel Bergen Airport, Flesland

Styreleiaren møtte. I tillegg var Oddmund med som styremedlem i fylkeslaget. Svein Fatland, Fatland, John Lilletevd, Nortura og sytreleiar i NSG, Kjell Eik Berntsen hadde innslag om marknadssituasjonen. Elles var det evaluering av kåringsarrangementa i 2017 og vektlegging av indeksberekninga.



På leiarsamlinga kunne Svein Fatland fortelja at dei kunne ha selt meir lam, at reguleringsmekanismane var for dårlege. Kundane burde få tilbod om lam heile året, sa han.

VOSS Landbruksrekneskap

“Godt, enkelt og lettfattelig” - frå vurdering i fagbladet Norsk Landbruk

Komplett frå bilagsføring til ferdige likningsskjema og skatteutrekning

Landbruksdata
VOSS AS

Også elektronisk innlevering

Pris: kr. 2000,- (årleg vedlikehald: 988,-)

Gratis demo
på nettet!

Tlf. 56 52 98 55 - post@landbruksdata.no - www.landbruksdata.no

Knarrhult har mange kvalitetsprodukt med lang levetid

Svært lette og sterke "lettgrindar" med og utan port i mange ulike lengder

Mange ulike grindar for bygging av funksjonelle lammingsbingar

Plastplater. (Suverene på forbrettet)

Rundballehekkar

Ulike typar forbrett

Kraftforautomat for storsekk

Rullande forbrett (Vi har funne enklare løysingar som gir redusert pris)

Dyttehekk (Vårt svar på " Islandshekken")

Ulike typer gulv (Strekkmetall, hullrister, plastgulv)

Klauvhult stålplater for plastgulv. (Tiltak på eksisterande plastgulv for å oppnå klauvslitsje)

Marknadens mest komplette vege og sorteringsanlegg med Tru- test avlesingsutstyr.



**Sjå knarrhult.no for meir info om våre produkter
Og ta kontakt for uforpliktande tilbod.**



Knarrhult forhandler:
Sverre Gustav Birkeland

Tel: 957 923 21

E-mail:
sverre.gustav@knarrhult.no



Oppsummering av verlamkåringa 2017

Vart arrangert under Skaltaket på smeltverkstomta i Odda, laurdag 30. september. Me tok i bruk innkjøpt megafon, som fungerte greitt. 97 vêrlam frå Odda, Ullensvang, Eidfjord og Jondal framstilt for kåring. Ein del mindre enn i fjor. (111). 19 (18) produsentar stilte med lam. 76 vart kåra, 10 kåra på disp og 11 vraka. Vidar Reisæter gjekk til topps kvit norsk, med 159 poeng, berre eitt poeng frå perfekt. Ragnhild Reisæter vart best i klassen ansre rasar, med eit spælsaulam som fekk 147 poeng. Litt færre publikumarar, grunna m.m. vermeldinga, haustferie og ein del andre arrangement, ikkje minst Matulturfesstivalen i Øvre Eidfjord. Av den grunn kunne me heller ikkje tilby lokale landbruksprodukt. Men det seig på med folk litt etterkvart. Truleg sidan veret vart mykje betre enn frykta.

Elles gjekk arrangementet svært greitt. Dommarar var: Olav Solheim, Cecilie T. Vestby, Endre Evensen og Sniolvur Joanessarson. Demonstrasjon av klypping og bruk av gjetarhund, var eit fint samspel mellom Ivar Sekse, Oddmund Hildal - to hundar og fem sauer. Imponerte dei fleste. Skare bygdekvinnelag stilte opp med vafler kaffi og grilla kjøt og pølser som Nortura stilte med Tippekonkurransen vekta på vêren 129,8 kg. Premiar frå Odda By og Fatland Ølen. Iselin og Emil Sekse selde tippelappar og gjorde dei god jobb. Me fekk inn 1.270,- (1.360,-) kr. Vinnarane var: Sondre Sævareid 130 kg – Sentrumsgåvekort 500 kr, Tord Øyna Løyning 129 kg – fenalår, Gunnar Lægreid 129 kg – fenalår, Sigurd Berge 128,9 kg – Sentrumsgåvekort 250 kr, Gunnar Lægreid 131 kg – t-skjorte, Eli Thoresen 128 kg - t-skjorte, Iselin Sekse 131,5 kg – t-skjorte, Camilla Evjen 128 kg - t-skjorte, Ola Sævareid 128 kg – t-skjorte. Med den ekstra avgifta på 70,- kroner, i tillegg til 140 til dommaravgift, gav det 6.790,- (7.770,-) kroner i lokallagskassa.



Dommarane Endre Evensen, Cecilie T. Vestby, Olav Solheim, Sniolvur Joanessarson og sekretær Karluf Håkull fekk i år sitja under dobbelttak då dei åt, og sakna ikkje veggjar på partyteltet.

Også i år var halve området dekkja av store kabeltromlar m.m. og området var til dels skite. Rekneskapsføraren vår meiner at leiga på 10.000 kroner ikkje står i samsvar med den tenesta me får. Også i år erstatta me dyr straum med aggregat. Mange sakna det populære innslaget med damene som demonstrerte karding og spinning. Her skjedde det diverre ein glipp. På grunn av kollisjon med haustferie, melde Skare 4H avbod.

Til neste år må det ordnast med skilt som viser kvar toaletta er. Laget stilte med partytelt til dommarane. Dommarane verka nøgde med det. Saueeigarane var også i år, flinke å stilla med både presenningar og kost, og området vart fint rydda. Odda kommune stilte med kostebil dagen etter.

Ullinnsamling

NSG og Nortura har ein avtale om samarbeid i samband med innsamling av ull. Etter at me miste dei to som var med på bilane til Nortura, har det no gått seg til med levering på avtalte stader, slik Fatland gjer det. Me me må framleis setja inn og betala for annonsa til Nortura, i lokalavisa.

Grillaksjon

Vart gjennomført på to stader som planlagt. Frode fekk ansvar for arrangement ved Spar Kinsarvik og Oddmund utanfor Rema 1000 i Odda. Nortura sytte for kjøt m. m. Inntrykket var positivt. I tillegg til at folk fekk smaken på lammekjøt, møtte me stor interesse rundt næringa vår. I Kinsarvik var fylgjande med: Frode Tveito, Egil Dvergsdal, Jorunn Sekse, Ivar Sekse, I Odda deltok: Sara Moe, Oddmund Hildal og Halvard Aga. Johannes H. Sekse var med på oppstarten i Odda, og var med i Kinsarvik etterpå.

Gjætarhundnemnda

Det har vore trent jamt og trutt med gjætarhundar både i Eidfjord, Ullensvang og i Odda. Og mange hr delteke. Det har derimot vore problem med at nokon av deltakarane ikkje er medlemmer i laget. Styret har difor vedtek at dei hertter skal betala 200 kroner kontant for kvar gong dei er med. Ragnhild Reisæter har vore med i gjætarhundnemnda i fylkeslaget.



Ivar Sekse er ein av fleire ressursar i laget vårt. Ikkje minst når det gjeld gjætarhund og alt i samband med det, men og som ein god hjelpar for mange under lembinga. Her er han i sving med krydderboksen under grillaksjonen i Kinsarvik.

Veterinærsituasjonen

Situasjonen har ikkje betra seg, og veterinærane har måtta kjempa mot både byråkrati og manglande politisk vilje. Hardanger Folkeblad har hatt mange oppslag og artiklar om saka. Ekstra ros til avisa og journalist Mette Bleken, som har fokusert på og fylgt opp problemet. I tillegg har det vore ei rekkje lesarinnlegg.

Den 27. mars sette styreleiaren inn eit innlegg under tittelen: «No må kommunane reagere». Og i neste nummer kom eit innlegg frå Kjersti Vårdal under tittelen: «Det nærmar seg vårens vakraste eventyr». Dei medførde at rådmannen (i Ullensvang) reagerte. I april kom saka til politisk handsaming. Saka kom ikkje nærare noko løysing for det. Ein undra seg mellom anna over at ein sakshandsamar i Ullensvang ynskte dialog. Det var nettopp det veterinærane hadde etterlyst utan å få svar. Saka rulla difor vidare. Mellom uttrykk som vart brukt i avisa var: «Situasjonen er heilt «cowboy»». 7. juli vart stort oppslag på fyrste side: «Full krise for dyr i naud!» - «ei skammeleg kommunal handsaming». Eidfjord kommune har vedteke å vera med i vakttenesta på Voss. Styret ynskjer at veterinærane kjem på årsmøtet og greier ut om saka, stoda og vegen vidare.

Medlemsverving

Styret har diverre ikkje klart å koma i gang med aktiv verving. Heller ikkje vervekonkurranse.

Sauebjøller

Børve sankelag inviterte til møte om og tinging av Findmy- sauebjøller. Leiaren i IHSG tok på seg å formidla kjøp for to av medlemmene våre, som ikkje er med i sankelaget.

Kontakt med medlemmene

Facebookside vert brukt ein del. Ho er open, slik at også andre kan sjå kva med driv med. Styret vil oppmoda medlemmene om å vera meir aktive der. Me vil gjerne tipsa om fb-sida Sauefolk, er ein både kan stilla spørsmål og få mange gode innspel. Ikkje minst med tanke på at veterinærvakttenesta er svekka. Me har enno ikkje laga vår eige nettside, slik andre lag har gjort. Men Oddmund har fått ansvar for fylkeslaget si side. Me minner elles om «min side» på NSG si nettside. Her er det full oversikt over m.a. medlemskap og anna. Laget er registrert i Brønnøysund. Me har ikkje oppdatert opplysningar om styret i Brønnøysundregistret etter årsmøtet. Difor ventar me no like godt til over årsmøtet 2017.

Arkivmateriale

Stoda er uendra når det gjeld planar for eit lokalt arkvi. Det me veit om av arkivmateriale, er plassert hjå leiaren. Det er eit par permar, ein del samanrulla rekneskapar og to handskrivne protokollar. Det siste er plassert i brannikkert skåp.

15. januar 20187

Geir Olmod Sæbø

Frode Tveito

Marius Opedal

Oddmund Hildal

Johannes H. Sekse

Lokallag med medlemstal

Lokallag	Leiar	Siraupost	Medlemstal			
			2014	2015	2016	2017
Askøy	Trond Nilsen	tronni3@start.no	38	40	43	42
Austrheim	Roy Øksnes, 5943 Austrheim	gunnstein.saetre@veltec-services.com	25	26	27	27
Bergen og Os	Torgeir Lavik	torgeir.lavik@gmail.com	70	72	69	69
Bømlo	Ivar Turøy, Rubbestadvegen 10, 5427 Urangsvåg	ivar_turoy@hotmail.com	67	66	59	59
Etne	Vidar Aastvedt, Osen, 5590 Etne	siv-aast@online.no	82	83	76	77
Fiftjar	John Karsten Raunholm, 5419 Fiftjar	john.karsten.raunholm@haugneft.no	34	37	38	36
Fusa	Leif Trygve Berge, 5637 Ølve	leif.trygve.berge@nlr.no	48	43	38	38
Granvin	Øystein Aleksander Sækvitne	oisteinalexander@hotmail.com	27	25	25	25
Indre Hardanger	Johannes H Sekse, Øvsta Sekse, 5773 Hovland	johannes.sekse@gmail.com	83	80	79	78
Jondal	Terje Grøtt, 5628 Herand	terje.groft@kvamnet.no	20	20	25	25
Kvam	Lars Norheim, Steine 117, 5600 Nordheimsund	lars.norheim83@gmail.com	99	88	79	82
Kvinnherad	Bjarne Berge, Herøysund	karl.ingve.eide@kvinnherad.kommune.no	73	73	68	67
Lindås og Meland	Ole Johan Eidsnes	'ole@eidsnes.org'	125	132	126	125
Masfjorden	Odd Midtbø, 5986 Hosteland	odh-midti@online.no	30	27	25	25
Mauranger	Marius Sundal	sundalen@hotmail.com	21	22	20	20
Modalen	Inge Farestveit, 5729 Modalen	murservice@gmail.com	2	2	2	2
Osterøy	Mons Kjetil Vevle, 5282 Lonevåg	mkv@lobas.no	59	59	53	52
Radøy	Kåre Hole, Radøyvegen 984, 5938 Sæbøvågen	kaahol2@online.no	66	64	65	62
Røldal	Dag Sverre Ekkje, Kyrkjevegen 39, 5760 Røldal	dekkj@online.no	15	15	14	14
Samnanger	Sigve Frøland, 5650 Tysse	sigve-f@hotmail.com	18	17	19	19
Sotra	Terje Strandtun, 5357 Fjell	terje.strandtun@gmail.com	59	55	53	53
Stord	Tore Atle Sørheim, 5417 Stord	fore.atle.sorheim@kvaerner.com	67	56	53	54
Sveio	Martin Haugland	marthau@online.no	58	55	53	53
Tynes	Oddvar Lunde, Malkenes, 5690 Lundegrend	oddvar.lunde@haugneft.no	31	34	36	36
Ulvik	Helge Tveit, 5730 Ulvik	helge_tveit@hotmail.com	31	35	34	34
Vaksdal	Kjetil Røddland, Bergsdalen 5722 Dale	kroedlan@online.no	34	31	28	27
Voss	Gjermund Seim, 5700 Voss	gjermundseim@hotmail.com	131	130	123	123
Vossestrand	Kristin Jordalen, Jordalsvegen 381, Vossestrand	kristinajordalen@live.no	54	53	50	50
Øygarden			5	2	2	2
29 lokallag			1472	1442	1382	1376

Nortura - Sauer og lam i 2017

Godt Nyttår og takk for samarbeidet i 2017!

Året 2017 er et år vi alle ser tilbake på med utfordringar og endringar. Vêrgudane ga oss utfordringar med kulde og regn og staten ga oss endringar i produksjonstillegget. Men tross alle utfordringane leverte du som sauebonde lamma til den tida markedet ønskte og få dei til butikk. Dette er bra jobba!

Det ble i år slakta 51.000 lam på fabrikkane til Nortura frå Hordaland. Dette er like mange som i 2016. Slaktevekta gjekk ned frå 2016 til 2017 med 0,6 kg. Kvaliteten har gått opp i 2017 tross nedgang i slakteveker. Nortura Sandeid hadde en nedgang med 0,7 kg.

I 2017 har Nortura solgt 15 % eller 1011 tonn meir lam i 2016 og 8 % eller 132 tonn meir sau. Dette er sal utanom heilt slakt til industrikundar (konkurrentane). Det betyr at me går inn i 2018 med 875 tonn mindre lam på reguleringslager enn me gjorde ved inngangen av 2017. På sau er lageret dessverre 543 tonn høgare. Dette skuldast hovudsakeleg endringane i produksjonstilskotet. Nortura sine varestraumar på lam "Stjernelam frå Voss" til Rema 1000 og "Gilde Lam frå Hardanger" som går til Nortura. Proff hadde ein fin auka i 2017. Stjernelam frå Hardanger, blei blant anna levert til Stortingskantina i haust!

Det blir jobba mykje med testing av nye produkt på lam, ung sau og sau. Vi har lært at eksport av sau er ekstremt utfordrande! Nortura sine segler i daglegvare og storkjøkken er derfor i gang med innsalg av både etablerte og nye produkt av både sau og lam, som me håper at dykk finner i fryse- og kjøledisken framover. På lam lanserer Nortura blant anna, Kvardagslam. Ein flott serie med lammekjøtt som på ein rask og enkel måte blir middag i ein fei. Her kan me alle bidra til å auke salet. Finner du ikkje lam i butikk, spør etter lam.

Etter mange år med Ny Giv ser Nortura etter nye oppgaver for og vara med og styrka kompetansen til sauebonden i Hordaland. Det er "litt" for mange lam som ikkje klarar og ta del i slaktetilskot lam frå Staten og kvalitetstillegg frå slakteria! Mange nye er bli med i sauekontollen. Et godt verktøy for sauebonden.

Bli med du og! Lurer du på noko ang. sauekontrollen ta kontakt med:

Karluf Håkull, tlf. 97 16 55 37, E-post: karluf.hakull@nortura.no

Einar Helge Haugstad, tlf. 48 03 85 73, E-post: einar-helge.haugstad@nortura.no

Til slutt vil me ønske dykk lykke til med lemming. Grunnlaget er lagt, gi lamma ein god start. Me jobbar for bonden, ønsker du å bli med oss på laget, ring oss!

Hilsen



Karluf Håkull



Husdyr ID - kvalitet fra øre til øre



Vi setter
farge på
Norges
vakreste
eventyr!



Tlf 5140 1150

post@moenbionlefabrikk.no

OPTIMA

treng du til lamminga

- Gel til jur og spenesalve
- Gel til bruk ved fødselshjelp
- Gel til munnskurv
- Hudvask og hudspray for dyr til lammebyte

Les om Optima til sau og geit på
www.optima-ph.no

OPTIMA PRODUKTER AS

Tlf. 56 56 46 10

Norheimsund

www.optima-ph.no



Tapstal organisert beitebruk Hordaland 2017

Tapstatistikk sau på utmarksbeite:

Fylke	Sluppet		Tapsprosent		
	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau + Lam
Bergen	1 831	2 855	1,31	5,11	3,63
Etne	2 727	4 535	2,05	4,74	3,73
Stord	926	1 370	0,65	3,65	2,44
Fitjar	552	663	1,99	7,09	4,77
Tysnes	458	763	1,75	4,06	3,19
Kvinnherad	4 359	6 368	2,25	4,87	3,8
Jondal	948	1 363	3,8	5,28	4,67
Odda	5 862	10 587	1,65	2,73	2,35
Ullensvang	2 065	3 655	3,49	4,02	3,83
Eidfjord	2 452	4 488	1,39	2,47	2,09
Ulvik	2 266	3 795	2,65	4,45	3,78
Grandvin	1 176	1 844	3,66	3,36	3,48
Voss	9 977	16 786	1,97	3,44	2,9
Kvam	4 442	7 161	2,39	5,61	4,38
Fusa	1 573	2 187	1,97	5,03	3,75
Samnanger	1 445	2 076	2,56	4,96	3,98
Austevoll	859	664	5,12	7,98	6,37
Fjell	113	114	7,08	7,02	7,05
Vaksdal	2 944	5 045	1,94	4,7	3,68
Modalen	1 436	2 398	1,67	3,42	2,76
Osterøy	389	522	1,54	4,21	3,07
Lindås	688	976	1,31	6,15	4,15
Masfjorden	1 858	2 627	3,01	8,18	6,04
Sum	48 882	79 770	2,13	4,21	3,42

Produksjonstilskot januar 2017

Tal føretak som søkte	2 102
Totalt sau og lam	111 566
Vaksne sau > 1 år	80 397
Lam < 1 år	31 163

Informasjon rovvilt



Informasjon.

Statens naturoppsyn (SNO) og rovviltoppgåver i Hordaland:

SNO er tillagt fylgjande ansvar i høve dei 4 store rovviltartane våre (bjørn, ulv, gaupe og jerv) + kongeørn.

- Ivareta nasjonale miljøverdiar, førebygge miljøkriminalitet og sikre biologisk mangfald
- Skadedokumentasjon
- Bestandsregistrering
- Felling av rovvilt i offentleg regi

Skadedokumentasjon vert utført av rovviltkontaktar (RVK).

I Hordaland har SNO 4 rovviltkontaktar fordelt på desse regionane.

Navn Adresse	Kontakt info:)	Ansvarsområde
Haugen, Hartvig 5645 Sævareid	P: 56 58 31 96 M: 970 13 594 hart-hau@online.no	Ytre deler av Hordaland
Hardangervidda Fjelloppsyn V/ Harald N. Andersen	M: 902 13 685 harald.andersen@fjellstyrene.no	Hardanger med omland
Slettemark, Ingmar Grove 5700 Voss	P: 56 51 54 07 M: 957 09 271 INGMAR.SLETTEMARK@voss.kommune.no	Nordhordland
Dunkley, Andreas Jonas Liesgt. 11 5529 Haugesund	M: 48 02 54 44 andreas.dunkley@friluftsradetvest.no	Sør i Hordaland, nord i Rogaland

Ta kontakt med RVK i naboregion eller regionalt rovviltansvarleg om du ikkje får kontakt med næraste RVK!

Dei lokale RVK-ane står for feltkontroll ved skader på husdyr og kontroll av meldingar om rovvilt.

Ved ein skadesituasjon på husdyr, der det er mistanke om at freda rovvilt er skadevoldar, skal husdyreigar melda ifrå omgåande og påvisa kadaveret for RVK.

Ved funn av kadaver bør husdyreigar straks dekkja til kadaveret med stein, buskar e.l. slik at åtseletarar ikkje kjem til. La det elles liggja mest mogleg urørt. Merk funnstaden så den er lett å finna att. Bruk eventuelt GPS.

RVK skal gjera ei undersøking av kadaveret for å dokumentere dødsårsak i rapport og bilde.

Undersøkinga er **gratis!**

Om dødsårsak ikkje er mogleg å påvise, vert SNO si vurdering av dødsårsak ukjent.

Dødsårsak ukjent utelet ingen årsak til død.

Med bakgrunn av RVK sin rapport, vil regionalt rovviltansvarleg i SNO setja endelig konklusjon, med attendemelding til husdyreigar. Opplysningane vert lagt inn i ein database (Rovbase).

Rovbasen finn du òg på nett. www.rovbase.no

Desse opplysningane vil vera grunnlaget når Fylkesmannen handsamar søknader om erstatning.

Søknader om erstatning:

Det er Fylkesmannen som skal kontaktast ved spørsmål om forvaltning av rovvilt og erstatning for skade påført av freda rovvilt.

Søknader om erstatning skal sendast Fylkesmannen innan **1. november** same året skaden er registrert.

Elles er forvaltning av rovvilt tillagt Rovviltmemnda i region 1 (Vest Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane) og Miljødirektoratet.

SNO har ikkje forvaltningsansvar i høve rovvilt.

Informasjon rovvilt

Spor og DNA frå rovvilt.

Ved funn av spor etter ein av dei 4 store rovviltartane våre, er det fint om du tek bilde av sporet og legg det inn i databasen for rovviltobservasjonar: www.skandobs.no, slik at observasjonen din vert registrert.

Ta bilde vinkelrett ovanfrå og eit bilde av sporrekka. Bruk målestokk i bildet.

Du kan òg eventuelt kontakta ein av våre rovviltkontaktar for hjelp.

Ved funn av DNA-spor, ekskrement eller hår, kan dette analyserast for art og individ.

Bruk ein rein plastpose eller liknande. Unnlåt å ta på prøven, legg den i frys og ta kontakt med ein av våre rovviltkontaktar for vidare oppfølging.

Rovvilt i Hordaland i 2017.


Det er registrert 22 kadaversaker i Hordaland. 33 saker er registrert med ukjent dødsårsak, 7 som ikkje rovvilt, 3 til rev og anna årsak med 1.

Til dei ulike artane av freda rovvilt fordeler kadaversakene i perioden 2013-2017 seg slik:

Art	2013	2014	2015	2016	2017
Bjørn	0	0	0	0	0
Jerv	3	0	23	47	8
Ulv	0	0	0	0	0
Gaupe	0	0	0	1	0
Kongeørn	9	6	5	2	2
Freda rovvilt	0	0	0	0	0
Totalt	12	6	28	50	10

Saker med status som usikker, antatt, dokumentert er med.

I tabell slik:



Førekost av rovvilt, registrert som kadaversaker, finn ein i desse kommunane:

Art:	Austevoll	Fjell	Odda
Bjørn	0	0	0
Jerv	0	0	8
Ulv	0	0	0
Gaupe	0	0	0
Kongeørn	1	1	0

Tal kadaversaker i perioden 2013-2017.

2013	2014	2015	2016	2017
31	34	53	94	22

Informasjon rovvilt

Bestandsovervaking.

Ulv: Ingen dokumenterte registreringar.

Bjørn: Ingen dokumenterte registreringar.

Jerv: Overvakinga av jerv er koordinert for heile fylket og Hardangervidda.

Det er samla inn 10 prøvar som er levert inn for analyse for dna.

Desse syner 2 ulike individ. Dette er jerv med individnummer 3713(hann) og 3597(hann).

Ind. 3597 er registrert med til saman 27 prøvar. I 2014 i Skjåk og Stryn og frå 2015-2017 i desse kommunane: Nore Uvdal, Vinje, Valle, Eidfjord, Ullensvang, Odda og Suldal.

3597 er funnen i 7 ulike prøvar i 2017.

Ind.nr. 3713 er teken ut i ekstraordinært uttak den 18.4.17 i Suldal kommune, Rogaland.

Den er tydeligare registrert med dna i Skjåk og Lærdal kommune i 2017.

Gaupe: Ingen registrerte familiegrupper. Det er dokumentert spor og foto av gaupe i Voss og Granvin kommune.

Kongeørn: Frå 2012 er kongeørn teke inn i program for nasjonal overvaking. Aktuelle område er teke ut for intensiv overvaking. Voss med omland er eit av desse områda for intensiv overvaking.

Andre kjente reirlokalteter er lagt inn i Rovbase og hekkeaktivitet i desse lokalitetane skal følgjast opp ved høve.

I 2017 er det for Hordaland registrert 5 vellykka hekkingar av kongeørn med ungar i reiret.

4 av desse er registrert i ekstensivt overvaka område.

I 2017 er det ikkje dokumentert yngling for nokon av dei 4 store rovviltartane.

Dokumentert forekomst av dei store rovviltartane i Hordaland 2017, fordelt på kommunar.

Art:	Eidfjord	Odda	Voss	Granvin
Bjørn				
Jerv	x	x		
Ulv				
Gaupe			x	x

Dokumentasjonen er gjort med bilde av dyr/spor eller DNA.

Kontakt og info m.m:

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernadv. (sentralbord) 55 57 20 00.

Aktuelle nettstadar: www.rovviltportalen.no www.rovdata.no www.rovbase.no www.skandobs.no/

Aurland 01.12.2017

Med helsing

Rein-Arne Golf

-Regionalt rovviltansvarleg-

Statens naturoppsyn-Aurland

Fjordsenteret

5745 Aurland

480 94 364

E.post: rein-arne.golf@miljodir.no

www.naturoppsyn.no



Norges største tilhengerprodusent er fra Osterøy!

NYHET! BL-serien

- » **BL- Proffhenger**
- » **BL- Tipphenger**
- » **BL- Maskinhenger**



ATV TILHENGERE

Tysse ATV tilhenger 6012 er bygget for å tåle store ujevnheter i underlaget. Med store, kraftige hjul og aksel med pendelarm, vil du merke at en Tysse ATV henger 6012 vil opprettholde stabiliteten og gi deg god styringsevne selv på ujevnt terreng. Fordi akselen pendler uavhengig på hver side, vil hjulene alltid holde seg på bakken. Tysse ATV henger kan leveres registrert som traktortilhenger, og du kan dermed bruke den på offentlig vei.



Bli tilhenger på Facebook

www.tysse.no

SAUEGRIND

Sauegrinder leveres med disse kassemålene:

250/150/90
320/150/90
320/180/90

Sauegrind med baklem og presenning for montering på frontvegg. Skillevegg m/dør kan leveres som ekstrautstyr.



TYSSE[®]

- tilhenger av norsk kvalitet

Sluttrapport for Ny Giv i sauehaldet i Hordaland 2013-2016, prosjektår 3 og 4

Vi viser til «Rapport for Ny Giv for sauehaldet i Hordaland 2013 – 2015, prosjektår 1 og 2». Vi tek føre oss prosjektår 3 og 4 her.

1. Kort om Ny Giv

Hovudmålet for prosjektet har vore å auka leveranse av kvalitetslam i Hordaland. Det å auka lokallagsaktiviteten i Sau og Geit har òg vore eit viktig mål.

Prosjektet var opprinneleg treåring, med oppstart i 2013. På styringsgruppemøte i 2015 vart det semje om å fortsetja prosjektet ut 2016. Hordaland Sau og Geit er prosjekteigar og leier styringsgruppa. Prosjektet har hatt ei arbeidsgruppe som har fungert som prosjektleiing. Arbeidsgruppa har hatt hyppig kontakt og arbeid tett med planlegging og gjennomføring av aktivitetar. Lokallaga i Sau og Geit har bidrege i gjennomføringa av arrangement og har komme med innspel til vidare satsingar. Aktivitetane i Ny Giv har i hovudsak vore fagmøter og kurs som har vore arrangert rundt i fylket for å gje eit best mogleg tilbod til alle. Ny Giv har òg gjeve tilskot til faglege arrangement i regi av lokallaga i Sau og Geit.



Figur 1: Oversikt over styringsgruppa og arbeidsgruppa i prosjektet Ny Giv.

2. Aktivitetar i 2015

I mai 2015 var det skifte i mannskapet i arbeidsgruppa. Svanhild Aksnes slutta hos Fylkesmannen og Silje Anette Lyhammer erstatta funksjonen hennar i gruppa.

Sauekontrollkurs: Starta i desember 2014 med kurs i ny sauekontroll. I januar 2015 vart kursserien avslutta med kurs i Bergen, Lindås, Fusa, Kvam, Granvin og Voss. Føredragshaldar på alle kursa var Grethe Ringdal frå Animalia. Totalt var det om lag 280 personar som deltok på kursserien. Tidsskriftet Norsk Landbruk var med på eitt kurs og skreiv artikkel om kurset og Ny Giv.

Utvalde buskapar: 2. og 3. mars var det møte med dei utvalde buskapane i Knarvik og på Stord.

- **Bodhild Fjellveit** og mannen, Arne, driv med sau i Hausdalen i Fana og har jobba med to endringar. Dei har både bygd ny sauefjøs og dei har fått sponsa elitevér gjennom véring 154.
- **John Karsten Raunholm** på Fitjar har jobba med å redusera lammetap i buskapen.

- **Håvard Øvsthus** og familien på Varaldsøy starta med gjetarhund. Gjetarhundnemnda følgde opp familien gjennom oppstarten.
- **Jahn Tommy Midtgård** i Lindås flytta buskapen sin til nytt fjellområde frå Nordhordland til Hardangervidda.

Desse møta trakk mykje folk og det var positiv omtale i etterkant.

Radiobjøllemøte i Røldal: 11. mai 2015 vart det arrangert møte i Røldal der FindMySheep var til stades og marknadsførte GPS-bjølla. Reidar Kallestad frå HSG hadde eit innlegg om rovdyr og kva ein bør gjera dersom det oppstår rovdyrproblem i beiteområdet. Silje Anette Lyhammer frå Fylkesmannen hadde ein gjennomgang på tilskotsordningane for beitelag. Beiteutvalet i Hordaland og beitelaga var inviterte. Det var godt oppmøte med om lag 50 deltakarar.

Markvandring Bjoreidalen: 16. august vart det arrangert markdag på Hardangervidda. Oppmøte i Bjoreidalen. Yngve Rekdal frå Skog og Landskap deltok. Han snakka blant anna om plantekultur, tidspunkt for saueslepp og -sanking, kva beite som bør nyttast når det minkar på sauen i fjellet. Han fortalte medan vi gjekk og når vi kom fram til stølen, Rinden, som tilhøyrer Geir Sæbø og Margrethe Medhus. Vi serverte rømmegraut, spekemat, saft og kaffi til dei oppmøtte. Det var sett opp buss frå Nordhordland. Om lag 60 personar deltok på markdagen.

Fagdag bygg, Etne: 24. oktober arrangerte vi fagdag bygg i Etne. Vi besøkte først sauefjosen til Ole Sævareid. Her var den gamle sauefjosen bygd om og utvida. Hos Anette L Hovda var det eit ombygd mjølkekufjøs til sauefjøs. Siste fjøsbesøk var hos Lars Ø Grønstad. Han hadde bygd ny sauefjøs i samanheng med den gamle delen. Etter fjøsbesøka møttest vi på Grønstad skule til rømmegraut og faglege tema. Etne Sau og Geit ønskte velkommen og la fram slaktedata for området. Innovasjon Norge v/ Karsten Valland og Etne kommune v/ Reidar Rødne fortalte om kva dei kan bidra med ved ombygging og nybygging. Totalt deltok om lag 50 personar på fagdagen.

Liste over aktivitet i 2015:

	Dato	Aktivitet
2015	2. - 3. mars	Fagmøter utvalde buskapar, 2 møte
	11. mai	Radiobjøllemøte i Røldal
	19. juni	Arbeidsgruppemøte
	10. august	Arbeidsgruppemøte, telefon
	16. august	Markdag Bjoreidalen Hardangervidda
	24. september	Arbeidsgruppemøte, telefon
	29. september	Arbeidsgruppemøte, telefon
	10. oktober	Byggdag Etne, sør i fylket
	13. oktober	Arbeidsgruppemøte
	13. oktober	Styringsgruppemøte
	21. oktober	Arbeidsgruppemøte, telefon

3. Aktivitetar i 2016

Vi starta året med arbeidsgruppemøte og planlegging av årets aktivitetar, samt finpusa organisasjonsarbeidskursprogrammet.

Organisasjonsarbeid: Fagsamling på Thon Hotel Sandven i Norheimsund gjeldande organisasjonsarbeid. Lokallaga i Sau og Geit, samt tillitsvalte i HSG var inviterte. Det var om lag 45 deltakarar på samlinga. Organisasjonssjef i Norges Bondelag, Astrid Solberg, hadde ein bolk før lunsj og ein etter med organisasjonsarbeid. Tidlegare journalist i NRK, Geir Ove Herland, hadde tema «korleis møter vi media i kvardagen». Lokallagsleiar i Breim Sau og Geit, Vidar Sandal, fortalte om korleis deira lag hadde fått til godt lagsarbeid og samansveising i Breim. Til slutt oppsummerte leiar i HSG, Nils Inge Hitland dagen, og arbeidet vidare.

Snyltarbeid: Vi hadde fire snyltarbeidingsmøter fordelt rundt i fylket. Lisbeth Hektoen frå Animalia var føredragshaldar på møta på Stend, i Nordhordland og i Granvin. I Sveio hadde Åshild Våge føredragsansvaret. Det vart teke avføringsprøvar frå buskarar på førehand, slik at diskusjonen kunne ha utgangspunkt i handfaste opplysningar. Totalt møtte om lag 120 personar på desse fire møta.

Liste over aktivitet i 2016:

Dato	Aktivitet
22. januar	Arbeidsgruppemøte, telefon
6. februar	Organisasjonsarbeidskurs, Norheimsund
25. februar	Arbeidsgruppemøte, telefon
4. april	Arbeidsgruppemøte
15. april	Arbeidsgruppemøte, telefon
19. april	Arbeidsgruppemøte, telefon
21. april	Arbeidsgruppemøte, telefon
31. mai, 1., 2., 8. juni	Vårmøte snyltarbeidingsmøte, 4 møte i heile fylket
28. juni	Arbeidsgruppemøte, telefon
18. august	Arbeidsgruppemøte
5. september	Arbeidsgruppemøte, telefon
14. september	Arbeidsgruppemøte, telefon
4. oktober	Arbeidsgruppemøte, telefon
7. oktober	Arbeidsgruppemøte, telefon
10. oktober	Arbeidsgruppemøte, telefon
21. oktober	Arbeidsgruppemøte, telefon
27. oktober	Arbeidsgruppemøte, telefon
4. november	Arbeidsgruppemøte, telefon
11. november	Arbeidsgruppemøte, telefon
30. november	Arbeidsgruppemøte, telefon
13. desember	Arbeidsgruppemøte med julelunsj

Fagsamling – avslutning på prosjektet: Heile hausten 2016 gjekk med til planlegging og å henta inn gode føredragshaldarar til stor fagsamling på eit hotell på Flesland for å avslutta prosjektperioden med Ny Giv. Dessverre var det for få påmeldte til arrangementet, så denne vart avlyst. Opprinneleg var det tenkt ei to dagars samling med fagleg program og festmiddag fredag kveld. Blant anna skulle det vera debatt med sentrale personar om lammekjøtproduksjon vidare, kraftfôr vs grovfôr ved Åshild Randby frå NMBU, saueneringa vidare framover ved Nils Inge Hitland, leiar i HSG og korte samandrag av prosjektperioden for dei utvalde buskapane. Programmet er vedlagt rapporten.

4. Aktivitetar i 2017

Prosjektet skulle vore ferdig i 2016, men grunna avlyst avslutningssamling, måtte vi tenkja nytt og planleggja ny og annleis fagsamling for å markera slutten av prosjektperioden. Dermed fortsette arbeidsgruppa med telefonmøte våren 2017 for å ferdigstillta denne.

Familedag på Baroniet: Familiesamling på Baroniet i Rosendal 20. mai var offisielt slutten på prosjektet Ny Giv i sauehaldet i Hordaland. Her møtte om lag 400 personar med stort og smått. På Baroniet har dei ni ulike sauerasar. Alle desse vart presentert ved raselag/ personar i fylket som har rasen. I tillegg hadde vi gjetarhundoppvisning med både unghund og erfaren hund og oppvisning med drone. For å visa produkt av heile sauen stilte Hordaland husflidslag v/Hege-Therese Nilsen med tråd av norsk ull og produkt strikka med denne. Jorunn Økland frå Tysnes stilte med saueskinn og produkt av skinn med trykk på. Vi stilte også i god stil med mat til dei frammøtte. Det vart servert strimla lammekjøt i wok og heilgrilla lam saman med grønsaker, samt pølser. I tillegg hadde HSG eigen stand med informasjonsmateriell. Norsk Landbruksrådgiving Hordaland hadde stand, inkl natursti, for å promotera seg sjølve. HT-gjerdesystem viste òg fram sin patent på gjerde. Programmet er vedlagt rapporten.

Liste over aktivitet i 2017:

	Dato	Aktivitet
2017	13. januar	Arbeidsgruppemøte
	13. januar	Styringsgruppemøte
	21. februar	Synfaring Baroniet i Rosendal
	13. mars	Arbeidsgruppemøte, telefon
	27. mars	Arbeidsgruppemøte, telefon
	21. april	Arbeidsgruppemøte, telefon
	5. mai	Arbeidsgruppemøte, telefon
	16. mai	Arbeidsgruppemøte, telefon
	20. mai	Avslutningssamling på Baroniet i Rosendal

5. Økonomi for 2015, 2016 og 2017

Kostnadene i Ny Giv har lagt noko under budsjett. Direkte kostnader, tilskot og eigeninnsats har om lag denne fordelinga.

Kostnader fordelt på budsjettpost	Beløp i kroner
Møter i styringsgruppe og arbeidsgruppe	96 190
Annonsering	5 000
Fagmøter	172 718
Administrasjon	136 870
Tilskot utbetalt til lokallag	80 945
Sum direkte kostnader i siste del av prosjektet	491 723
Løyvd tilskot:	
Sum løyvd tilskot kr 150.000,- (RULL)	150 000
Eigeninnsats:	
Eigeninnsats 2015	280 000
Eigeninnsats 2016	390 000
Eigeninnsats 2017	150 000
Sum eigeninnsats	820 000

Tabell 1: Kostnadsoversikt.


6. Resultat av Ny Giv etter endt prosjektperiode

Utvikling i tal slakt, søkjarar om produksjonstilskot og kvalitet lammeslakt, Hordaland:

Tabellen viser utviklinga i produksjonstilskotsdata for tal sau over 1 år, tal søkjarar og tal lammeslakt i klasse O eller betre, samt tal produsentar totalt i Hordaland og slakta lam totalt.

År	Tal føretak i PT	Tal sau over 1 år i PT	Lam slakta i kvalitet O eller betre i PT	Tal produsentar totalt	Tal slakt totalt	% stjernelam
2012	1 879	68 906	78 453	2 282	91 132	63
2013	1 868	68 740	79 149	2 245	92 117	61
2014	1 863	68 541	80 143	2 213	89 462	64
2015	1 990	76 677	89 356	2 220	96 756	67
2016	2 038	78 971	**	2 225	98 423	60

Tabell 2: Utvikling i produksjonstilskotsdata og totalt lammeslakt i Hordaland 2012-2016. ** Data er ikkje tilgjengelege då det ikkje lenger var råd å føra dette i søknadsskjema for produksjonstilskot.



Figur 2: Tal lam levert slakteri i perioden 2012 – 2016.

Aktivitet i lokallaga: Eitt av delmåla i prosjektet var å auka lokallagsaktiviteten i Sau og Geit. Vi meiner vi er godt i gang, og mange lag har auka aktivitet. Dessverre gjeld ikkje dette alle. Ny Giv har gjeve tilskot til fagleg aktivitet til seks aktivitetar i lokallag i perioden 2015 og 2016. Totalt i prosjektperioden er det gjeve tilskot til 18 lokallag.

Medlemskap i sauekontrollen: Tal medlemmar i sauekontrollen har auka jamnt og trutt. Dette er ikkje eit nedfelt mål i prosjektet, men då det var fleire kurssamlingar og kampanje på innmelding, har vi likevel følgd med på utviklinga. Totalt i prosjektperioden har det vore ein medlemsauke på 160 medlemskap.

Bygg for sau/ bruk av investeringsmidlar ved Innovasjon Norge:

	2015	2016	2017
Tal saker	15	11	7
Innvilga tilskot totalt, kr	8 390 000	3 570 000	3 870 000
Planlagt produksjon etter utbygging. Tal vfs	3 460	1 996	1 570
Planlagt produksjonsauke. Tal vfs	1 740	826	1 134
Byggekostnad per vfs	11 007	9 564	13 770

Tabell 3: Opplysningar henta frå Innovasjon Norge, august 2017.

7. Avslutning og konklusjon

Fylkesmannen samla næringa, representert med Hordaland Sau og Geit, Nortura, Fatland, Norsk Landbruksrådgiving sentralt, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag samt ein representant frå kommunane i Hordaland, hausten 2012 for å diskutere satsing for sauenæringa dei neste 4-5 åra.

Innspela blei brukt som grunnlag for **Strategi for sauehaldet i Hordaland 2013 – 2017**. Strategien blei bygd opp rundt 7 delmål med fleire respektive tiltak. For å ivareta ein del av delmåla vart prosjektet **Ny Giv i sauehaldet i Hordaland** starta.

Det er òg andre prosjekt som følgjer opp strategien;

Landskap i drift, Beiteprosjektet i Hordaland og **Grovfôr i Pluss**.

For å sikra at prosjekt Ny Giv blei følgd opp, blei det etablert ei styringsgruppe med følgjande deltakarar:

- **Åse Vaag** - Fylkesmannen
- **Nils Inge Hitland** - HSG
- **Reidar Kallestad** - HSG
- **Audun Stople** - Fatland
- **Johannes Nedrebø** - Nortura
- **Frode Handeland** - Hordaland Bondelag
- **Jarle Helland** - Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
- **Svanhild Aksnes/ Silje Anette Lyhammer** - sekretær, Fylkesmannen

Prosjektet har vore eigd og leia av Hordaland Sau og Geit, Fylkesmannen stilte som sekretær i styret.

Eitt av hovudmåla i prosjektet var å auka tal lam til slakt – og det har vi klart. Frå 91.132 lam i 2012 til 98.423 lam i 2016. Vi ser at % stjernelam har lagt mellom 60 og 67 i perioden. Dette har ulike årsaker, blant anna sein vår og god beitesesong i 2015, gav veldig gode lam.

Tiltaka i prosjektet var fleire;

Eit av dei første tema som kom på banen var Sauekontrollen. Slakteria gav nye medlemmer i Sauekontrollen gratis medlemskap dei tre første åra, så lenge prosjektet Ny Giv pågjekk. Dette er eit system som har gjeve tilgang til målbare resultat og utvikling i sauehald i fylket i perioden 2013 – 2016.

Samarbeidet mellom Fylkesmannen, HSG og slakteria har vore veldig bra i prosjektperioden. Det har vore god dialog mellom Fylkesmannen og næringa, lokallaga rundt i fylket har vore teke med på aktivitet knytt til arrangement i deira nærrområde. Fellessamlingar og kontakten med næringa har vore veldig vellykka, på den måten har prosjektet nådd ut til produsentar i heile fylket.

Fire utvalde buskapar med fokus på nytt sauefjøs, bruk av elitevér, bruk av gjetarhund, fokus på å redusera lammetap og byte av beiteområde har vorte følgd av rådgjevarar på dei ulike felta. Dei siste åra verkar det som om det oppfølging og etterspurnad etter oppfølging har vore mindre.

Husk å bestille Sprayfo til lammesesongen



**Melkeråstoff
levert av Tine.
Kjøp norsk!
Kjøp Sprayfo!**



**Staldren® — Et effektivt
tørredesinfeksjonsmiddel**



**Lac-Tek
lammedrikke-
automat**

Praktisk liten drikke-
automat for opp til
60 lam eller kje.

**Hos oss får du: Sauinnredning, sorteringsgrinder,
foringsautomater, HS-Plastrister, strekkmetall,
ventilasjon, vinduer, dører ++**

GRE~~ND~~A SERVICE AS

Bordalen • 5700 Voss • Tlf: 56 51 09 15

Nortura økte salget av sau og lam med **18%** i 2017



Jobben fortsetter i 2018.

Spør etter Gildeprodukter av sau og lam i butikken!



Nortura
bondens selskap



Hordaland Sau og Geit
www.nsg.no/hordaland

